



# Kartlegging av reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen – Mørkrisdalen



Torunn Grut, Hogne Sataøen, Carlo Aall

# VF Prosjektrapport

<b>Rapporttittel</b> Kartlegging av reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen - Mørkrisdalen	<b>Rapportnr. 7/05</b>
	<b>Dato:</b> november 2006
	<b>Gradering:</b> Open
<b>Prosjekttittel</b> Kartlegging av reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv og annen miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen - Mørkrisdalen	<b>Sidetal:</b> 57 + vedlegg
<b>Forskarar</b> Torunn Grut, Hogne Sataøen, Carlo Aall	<b>Prosjektansvarleg</b> Carlo Aall
<b>Framsideillustrasjon:</b> Sota Seter i Skjåk kommune, foto Jørn Karlsen Utsikt over Mørkrisdalen i Luster, foto Tom Dybwad	<b>Emneord</b> Naturbasert reiseliv, nasjonalpark
<b>Oppdragsgjevar</b> Fylkesmannen i Oppland	
<b>Samandrag</b> Rapporten dokumenterer interesser og aktivitetar knytt til gardsturisme, turguiding og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling i området Breheimen – Mørkrisdalen.	
<b>ISBN:</b> 82-428-0257-2	

## **Forord**

Denne rapporten dokumenterer dagens bruk når det gjeld friluftsliv og reiseliv av området med tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen. Rapporten dokumenterer også konkrete planar og tankar omkring reiselivstilknytta næringsutvikling hos sentrale aktørar i det aktuelle området.

Rapporten inngår i eit kunnskapsunderlag for vernearbeidet, der det også er eller vil bli kartlagt kvalitetar knytt til biologisk mangfald, geologi og kvartærgeologi, villrein og landbruk. Dette kunnskapsgrunnlaget vil samla sett vere ein sentral del av grunnlaget for ei konsekvensutgreiing av vernet. Konsekvensutgreiinga skal greie ut tre alternativ: 0-alternativ (ikkje vern), vern som landskapsvernområde og vern som nasjonalpark.

Rapporten var sendt til oppdragsgjevar til kommentering ved utgangen av august 2005. Tilbakemeldinga blei av ulike årsaker sterkt forsinka og kom først vinteren 2006. Då hadde den prosjektansvarlege Torunn Grut sluttat ved Vestlandsforsking, noko som gjorde at det tok litt tid å rydde plass til å gjere dei endringane som var naudsynt å gjere med grunnlag i kommentarane frå oppdragsgjevar. Høghe Sataøen starta arbeidet med oppretting av rapporten i mai i år. Som ein del av opprettิงa var det også naudsynt å samle inn noko supplerande empiri sommaren 2006.

Takk til Anne Lise Uglum Skaar for korrekturlesing

Takk til alle informantane som stilte opp til intervju.

Sogndal, november 2006

Carlo Aall  
prosjektleiar

# Innhold

<b>1. SAMANDRAG .....</b>	<b>6</b>
<b>2. INNLEIING .....</b>	<b>9</b>
<b>3. RAMMEVILKÅR.....</b>	<b>10</b>
3.1 AVGRENNSINGAR KRING REISELIV OG TURISME .....	10
3.2 GEOGRAFISK AVGRENSSING.....	11
3.3 AREALPLANSITUASJON .....	13
3.4 ORGANISERING OG SAMARBEID I REISELIVET .....	14
<b>4. BRUK AV OMRÅDET I DAG .....</b>	<b>18</b>
4.1 FRILUFTSLIV .....	19
4.2 GARDSTURISME .....	28
4.3 KOMMERSIELL OVERNATTING.....	30
4.4 OPPSUMMERING AV DAGENS BRUK OG VURDERING AV ULIKE DELOMRÅDE .....	33
<b>5. LOKALE AKTØRAR SITT SYN PÅ REISELIVSUTVIKLING .....</b>	<b>37</b>
<b>6. FRAMTIDIG FRILUFTSLIV- OG REISELIVSRELATERT BRUK AV OMRÅDET.....</b>	<b>44</b>
5.1 EKSISTERANDE PLANAR .....	44
5.2 SYNPUNKT PÅ FRAMTIDIG BRUK.....	46
<b>7. DRØFTING .....</b>	<b>49</b>
7.1 BRUK OG VERN.....	49
7.2 REGIONALPARKAR .....	51
7.3 FJELLTEKSTEN OG NASJONALPARKTURISME .....	51
7.4 GEOTURISME.....	52
7.6 LOKALE KONSEKVENSAR AV FJELLTEKSTEN OG GEOTURISMESATSINGA: DRØFTING AV CRUICE-KAIPLANAR I SKJOLDEN .....	53
<b>SKRIFTLEGE KJELDER.....</b>	<b>55</b>
<b>VEDLEGG I: INTERVJUGUIDE .....</b>	<b>58</b>
<b>VEDLEGG II: INFORMANTAR .....</b>	<b>59</b>
<b>VEDLEGG III: OVERSYN OVER TURSTIAR .....</b>	<b>61</b>
<b>VEDLEGG IV: OVERNATTINGSSTATISTIKK .....</b>	<b>63</b>
<b>VEDLEGG V: OVERSYN OVER STØLAR, BUER, HYTTER OG SETRAR .....</b>	<b>64</b>
<b>VEDLEGG VI: OVERSYN OVER REISELIVSVERKSEMDER .....</b>	<b>67</b>

## **Tabellar**

<i>Tabell 1 Jaktsesong, Skjåk .....</i>	20
<i>Tabell 2 Jaktsesong, Lom .....</i>	22
<i>Tabell 3 DNTs hytter i Breheimen - Mørkrisdalen .....</i>	23
<i>Tabell 4 DNTs føringsaktivitet med utgangspunkt i Sota Sæter .....</i>	25
<i>Tabell 5 Stølar, buer, hytter og setrar i Breheimen - Mørkrisdalen .....</i>	27
<i>Tabell 6 Gardsturisme, Skjåk .....</i>	29
<i>Tabell 7 Gardsturisme, Lom .....</i>	29
<i>Tabell 8 Gardsturisme, Luster .....</i>	29
<i>Tabell 9 Overnatningsverksemder i tilknyting til Breheimen – Mørkrisdalen, Skjåk.....</i>	31
<i>Tabell 10 Overnatningsverksemder i tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen, Lom .....</i>	31
<i>Tabell 11 Overnatningsverksemder i tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen, Luster .....</i>	32
<i>Tabell 12 Friluftslivsverdiar i Ostrivassdraget .....</i>	36
<i>Tabell 13 Overnattingstal, Den Norske Turistforening .....</i>	63
<i>Tabell 14 Overnattingsstatistikk. Lom, Luster og Skjåk, 2000-2004 (i tusen gjestedøger) .....</i>	63
<i>Tabell 15 Stølar, buer, hytter og setrar .....</i>	64
<i>Tabell 16 Reiselivsverksemder, Skjåk.....</i>	67
<i>Tabell 17 Reiselivsverksemder, Lom .....</i>	68
<i>Tabell 18 Reiselivsverksemder, Luster .....</i>	70

## **Figurar**

<i>Figur 1 Utgreiingsområdet for Breheimen – Mørkrisdalen .....</i>	12
<i>Figur 2: Jotunheimen Reiseliv AS (kjelde: www.visitlom.com) .....</i>	15
<i>Figur 3 Reisemål Sogndal og Luster (kjelde: www.sognefjord.no) .....</i>	16
<i>Figur 4 Årsdøgntrafikk, Strynefjellsvegen og Sognefjellsvegen .....</i>	19
<i>Figur 5: Oversikt over DNTs hytter og stignett i området (kjelde: Den Norske Turistforening) .....</i>	23
<i>Figur 6 Overnatningsutvikling for DNTs hytter i Breheimen - Mørkrisdalen .....</i>	24
<i>Figur 7 Viktige friluftslivområde i utgreiings- og influensområdet, Sogn og Fjordane (Fylkesatlas, Sogn og Fjordane).....</i>	34
<i>Figur 8 Miljøstatus Oppland .....</i>	35

## 1. Samandrag

I samband med Stortingsmelding nr.62 (1991-1992) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Noreg" – også omtala som "nasjonalparkmeldinga" – har Fylkesmannen i Oppland og Sogn og Fjordane starta opp eit verneplanarbeid for Breheimen – Mørkrisdalen. Den følgjande rapporten er ein del av dette, og dokumenterer arbeidet Vestlandsforsking har gjort for å kartlegge omfanget av reiseliv, gardsturisme, turguiding, friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen – Mørkrisdalen. Avslutningsvis i rapporten blir det òg diskutert utviklingsplanar og framtidsvisionar for reiselivet i området. Arbeidet har skjedd på oppdrag frå Fylkesmannen i Oppland, og er ein del av kunnskapsgrunnlaget for prosessane som går føre seg med tanke på eventuelt vern av området. Vestlandsforsking sitt arbeid er basert på gjennomgangar av skriftleg bakgrunnsinformasjon, analysar av tilgjengeleg reiselivsstatistikk, samt intervju med reiselivsaktørar i utgreiingsområdet.

Rapporten vert innleia med ei presisering av *rammevilkåra* for prosjektet. Dette betyr først og fremst at dei geografiske grensene for utgreiingsområdet blir presentert. Her ser vi at Breheimen – Mørkrisdalen fordeler seg mellom Luster i Sogn og Fjordane og kommunane Skjåk og Lom i Oppland fylke. Utgreiingsområdet er om lag 1800 km<sup>2</sup>, fordelt på ca. 600 km<sup>2</sup> i Sogn og Fjordane og ca. 1200 km<sup>2</sup> i Oppland. Vidare er om lag 25 % av området statsallmenning, resten (75 %) er bygdeallmenning og anna privat grunn. Innleiingsvis blir også sentrale omgrep fra prosjektoppdraget drøfta og presisert. Dette gjeld omgrepa *reiseliv*, *friluftsliv*, *turguiding* og *gardsturisme*. Etter dette vurderer vi arealplansituasjonen i dei tre kommunane som inngår i utgreiingsområdet. Dette skjer på bakgrunn av kommunale planar og dokument. Til slutt gjer vi òg kort greie for korleis reiselivet er organisert i Luster, Lom og Skjåk.

Etter desse inneleiane presiseringane og definisjonane dokumenterer vi dagens bruk av utgreiingsområdet. Denne kartlegginga er delt i tre; friluftsliv, gardsturisme og kommersiell overnatting. Bruken av området er oppsummert i tabellar som viser kva verksemder og aktivitetar som finst i området per i dag. Gjennomgangen viser oss at Breheimen – Mørkrisdalen, i mindre grad enn eksisterande verneområde (som Jotunheimen og Jostedalsbreen), blir nytta i marknadsføring. Fjellområdet er ei "villmark" som vert brukt til å utøve det enkle friluftslivet. Breheimen - Mørkrisdalen ligg mellom to store og attraktive verneområde - Jotunheimen og Jostedalsbreen - og er ein del av fjellområdet, men området i seg sjølv er ikkje noko vesentleg trekkplaster. Friluftslivet i Breheimen – Mørkrisdalen må òg i stor grad karakteriserast som *tradisjonelt*, med typiske aktivitetar som fotturar, skiturar, jakt og fiske. "Breheimen" er likevel registrert som eit område av nasjonal interesse for friluftsliv i FRIDA-databasen (registrerte område av friluftslivsinteresse i Sogn og Fjordane, ved miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen). Breheimen er også klassifisert som eit område av nasjonal eller stor regional verdi til friluftsformål i Oppland (Miljøstatus Oppland). Den kommersielle aktiviteten i området kan likevel ikkje omtalast som stor. Vi finn somme verksemder som har aktivitetar i området, men dei fleste informantane understrekar at dette er eit område

utan det store turistvolumet. Trass i dette observerer vi at det finst fleire ulike friluftslivsaktivitetar i området; mellom anna tradisjonelle fotturar, sportsklatring, fjellføring, hesteriding, elvesport og naturobservasjon.

Til slutt i kapitlet om dagens bruk av Breheimen – Mørkrisdalen diskuterer vi òg korleis styresmaktene verdesett og vurderer dei ulike delområda i utgreiingsområdet. Vi blinkar på bakgrunn av dette ut nokre *særleg* viktige/attractive områder i utgreiingsområdet.

Kartlegginga av dagens bruk av Breheimen – Mørkrisdalen blir følgt opp med ein gjennomgang av eksisterande reiselivsplanar i utgreiingsområdet. Her samanfattar vi òg reiselivsaktørane sine synspunkt på framtidig bruk av Breheimen – Mørkrisdalen. Til grunn for dette ligg dei intervjua vi har gjennomført med sentrale personar i reiselivs- og friluftslivsmiljø i Luster, Lom og Skjåk. Tufta på desse gjennomgangane er det grunnlag for å peike på at det er *lite* planar for friluftsliv- og reiselivsrelatert aktivitet som grip *direkte* inn i utgreiingsområdet for Breheimen - Mørkrisdalen. Det som syner seg som dei mest omfattande planane med omsyn til konsekvensar for Breheimen – Mørkrisdalen er *skianlegg i Bøverdalen* og *cruise-kai i Skjolden*.

Når det gjeld synspunkta lokale aktørar legg for dagen med tanke på framtidig bruk, varierer det kor mykje folk vil svare. Nokre har klare meininger, dels fordi dei har jobba med spørsmålet om bruk og vern i området, medan andre er svært vague eller har ikkje tenkt over spørsmålet. Andre igjen har valt å halde tilbake synspunkt for å ”spare” dei til seinare i verneprosessen. Fleire aktivitetsbedrifter har tilbod i Breheimen - Mørkrisdalen, men etterspurnaden er liten. Det verka ikkje som dei vil bruke mykje krefter på å marknadsføre tilbodet sitt i Breheimen - Mørkrisdalen, i og med at dei har hovuddelen av aktiviteten sin i Jotunheimen og Jostedalsbreen. Jotunheimen og Jostedalsbreen er så kjent, og trekkjer så godt på turistane, at dei fleste bedriftene konsentrerer seg mot desse områda. Fleire informantar legg likevel vekt på at det er ein trend at folk som ferdast i fjellet vil ha kortare turar og betre tilrettelegging. Ei slik oppfatning om at ”mjuke” og meir tilrettelagte aktivitetar er ein tendens, kan og støttast av forsking på dette området.

Til slutt i rapporten diskuterer vi dei korleis ytre rammer og føresetnader legg føringar for utviklinga av reiselivet i området. Her har vi særleg fokusert på signala som ligg i *Fjellteksten* - St.prp.nr 65 (2002-2003) - og det synet på reiselivsutvikling som kjem til uttrykk i Innovasjon Norge si underskriving av avtale om *geoturisme* som leiande prinsipp. Fjellteksten gjev klare signal om bruken av fjellområde og nasjonalparkar – også i kommersiell samanheng. Generelt kan vi seie at fjellteksten oppmodar til auka bruk av fjellområda, men då presisert at dette skal vere ”miljøtilpassa.” Essensen er på mange måtar at ein opnar for, og ønskjer å stimulere til, ein auka (kommersiell) og *ny* type bruk i verneområde *samstundes* som ein gjev strengare føringar på tekniske inngrep og motorferdsel. Innovasjon Noreg sine strategiar for reiselivsutvikling i Noreg kan oppsummerast i omgrepet *geoturisme*. Definisjonen av dette omgrepet, slik det kjem til uttrykk i National Geographic Society – som er opphavet til omgrepet - er ein turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar ein stad sin lokale eigenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kjem lokalsamfunnet til gode.

Dei trendane som materialiserer seg i fjellteksten og omgrepet geoturisme har lokale konsekvensar – også i Breheimen – Mørkrisdalen. Signala som fjellteksten gjev, og dei forpliktingane Innovasjon Noreg har gjort med avtalen om geoturisme, legg òg føringar på lokalt nivå. Samstundes impliserer dette at lokale aktørar må ta viktige *verdival* i forhold til kva utvikling ein ser føre seg. Vi viser at desse vala særleg knyter seg til ein volum-kvalitet problematikk. Dette er ein debatt som er særleg viktig i spørsmålet om korleis ein lokalt ønskjer at utviklinga skal bli som følgje av ein eventuell ny cruise-båt kai i Skjolden. Dette er så langt den einaste konkrete planen som har potensiale i seg til å utfordre dagens tradisjonelle bruk av Breheimen – Mørkrisdalen og slik sett representere ein potensiell konflikt av noko omfang i høve til planane om å etablere eit nytt verneområde. Samstundes kan cruise-båt kaien også innebere ein positiv utviklingsfaktor i høve til verneplanane om reiselivsutviklinga blir styrt i ein retning som er i tråd med prinsippa som ligg til grunn for geoturisme. Det inneber i tilfelle at lokale og regionale styresmakter i samarbeid med reiselivsnæringa lokalt, regionalt og på Vestlandet må tenkje nytt – først og fremst når det gjeld *grad* av styring; altså kva type verkemiddel ein er viljuge til å ta i bruk for å styre utviklinga av reiselivsnæringa.

## **2. Innleiing**

Prosjektet som vert dokumentert i denne rapporten inngår som ein del av oppfølginga av ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde i Noreg (St.meld.nr.62 (1991-1992)). Fylkesmannen i Oppland og Sogn og Fjordane har i samband med denne Stortingsmeldinga starta verneplanarbeid for Breheimen - Mørkrisdalen. Denne rapporten er eit ledd i dette arbeidet.

I prosjektoppdraget frå Fylkesmannen i Oppland er det skissert to hovudmål<sup>1</sup> for denne rapporten. Det første er knytt til å kartlegge omfanget av reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv tilknytt området. I dette ligg det at tradisjonell landbruksdrift *ikkje* blir kartlagt i denne rapporten. Aurland naturverkstad BA har gjort dette i ein eigen rapport (sjå Skjerdal 2006). Den geografiske avgrensinga av Breheimen – Mørkrisdalen er vidare gjort i kapittel 3. Det andre hovudmålet med rapporten er å drøfte framtidvisjonar for reiselivet og friluftsbasert reiselivsutvikling.

I høve til prosjektplanen som er avtala mellom Fylkesmannen i Oppland og Vestlandsforskning er gjennomføringa delt inn i fire arbeidspakker. Dette er;

1. Gjennomgang av skriftleg bakgrunnsinformasjon
2. Analysar av tilgjengeleg reiselivsstatistikk
3. Intervju av nøkkelaktørar og bygdeutval
4. Rapportering

Denne rapporten bygger såleis på ulike kjelder; både skriftlege og munnlege. For det første er det lagt til grunn offentlege dokument som kommuneplanar, arealplanar, reiselivs- og næringsplanar, samt ymse kartdata. I tillegg er eksisterande statistikk nytta for å skissere omfanget av reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv i området. Gitt rammene for prosjektet er *ikkje* genuint ny statistikk samla inn. Vidare er det gjennomført telefonintervju med om lag 30 nøkkelinformantar i området. Desse intervjua har vore med å supplere dei skriftlege kjeldene.

Rapporten vert innleia med ein gjennomgang av rammevilkåra i form av geografisk avgrensing av området, samt definering av sentrale omgrep i prosjektoppdraget. Deretter vurderer vi arealplansituasjonen på bakgrunn av kommunale planar og dokument, i tillegg til å skildre organiseringa av reiselivet i området. I kapittel tre blir det gjort greie for dagens bruk av området til friluftsliv og reiseliv. Avslutningsvis i dette kapitlet presenterer vi òg korleis styresmaktene verdesett og vurderer dei ulike delområda i utgreiingsområdet. Etter dette – i kapittel fire - fokuserer vi på lokale aktørar sitt syn på reiselivsutvikling i området. I kapittel fem gjer vi ein gjennomgang av registrerte planar for framtidig bruk av området. Dette leier fram til ein avsluttande drøfting og oppsummering av funna i prosjektet.

---

<sup>1</sup> Jf. prosjektkontrakt mellom Fylkesmannen i Oppland og Vestlandsforskning.

### 3. Rammevilkår



Dalen, ein av dei mange stølane i Mørkrisdalen. Foto: Tom Dybwad

I dette kapitlet omtaler vi dei geografiske, planmessige og organisatoriske rammevilkåra for friluftsliv og reiseliv i området det er aktuelt å verne. Innleiingsvis vil vi òg kort presisere omgrepa reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv, som alle står sentralt i prosjektoppdraget frå Fylkesmannen i Oppland.

#### 3.1 Avgrensingar kring reiseliv og turisme

I kontraktteksten mellom Vestlandsforsking og Fylkesmannen i Oppland heiter det at ”omfanget av *reiseliv, gardsturisme, turguiding* og *friluftsliv*” skal kartleggast. Dei uteheva omgrepa er i mange samanhengar breie og mangetydige. Kva vi forstår med desse omgrepa blir difor presisert kort under.

##### *Reiseliv*

Reiseliv er eit svært breitt omgrep som omfattar ei rekke aktivitetar med ulike føremål og konsekvensar. I Noreg er det likevel vanleg å skilje mellom tre element innan reiseliv (Aall m. fl 2003a; Aall og Brendehaug 2005). Desse elementa er I) ferie- og fritidsreiser, II) ordinære forretningsreiser og III) kurs-, konferanse- og kongressreiser. Omgrepet *turisme* er eit meir snevert omgrep, som er reservert elementet ferie- og fritidsreiser<sup>2</sup>. I den følgjande rapporten ser vi bort frå dette skiljet og ønskjer

---

<sup>2</sup> Denne tredeling – og skiljet mellom reiseliv og turisme - er mellom anna sentral i den såkalla fjellteksten til Bondevik II-regjeringa (St.prp.nr 65 2002-2003).

såleis å fokusere både på ferie-fritidsreiser, forretningsreiser og kurskonferansereiser. I Breheimen – Mørkrisdalen framstår likevel ferie-fritidsreiser som mest sentral.

I den følgjande teksten blir også ulike samansetjingar med ”reiseliv” nytta, slik som til dømes miljø- og naturbasert reiseliv og reiselivsaktivitetar. Omgrepet natur- og miljøbasert reiseliv relaterer seg til sjølve *produktet* og viser til reiselivsprodukt som tek utgangspunkt i det lokale miljøet (anten *naturen* eller *kulturminne*). Med reiselivsaktivitetar siktar vi i det følgjande til aktivitetsbaserte reiselivsprodukt, i denne samanhengen utebasert i det definerte utgreiingsområdet.

#### *Gardsturisme*

Gardsturisme er ei form for turisme lokalisert ved, og i tilknyting til, eksisterande gardar og/eller landbruksbedrifter. I det følgjande forstår vi øg at slik turisme må utgjere *ein viss del* av driftsgrunnlaget for bruket. Fleire av aktørane i dette reiselivssegmentet er organisert i Norsk Bygdeturisme og Gardsmat (NBG). NBG var stifta som ein felles organisasjon 30. mars 2004, og var då tufta på dei tidligare organisasjonane Norsk Bygdeturisme og Norsk Gardsmat<sup>3</sup>.

#### *Turguiding*

Med turguiding forstår vi ulike former for utandørsaktivitetar som involverer lokal føring eller guiding. Dette kan dreie seg om tradisjonelle aktivitetar med lange historiske tradisjonar som bre- og fjellføring eller nyare verksemderformer med kortare historiske tradisjonar, som til dømes sportsklatring, toppturkøyring eller juving.

#### *Friluftsliv*


Friluftsliv er eit breitt omgrep som kan forståast på ulike måtar. I denne samanhengen siktar vi til ulike aktivitetar utan føring og guiding i det aktuelle geografiske området. Sentrale aktivitetar er jakt, fiske og turgåing. Også Den Norske Turistforening (DNT) sine aktivitetar i området inngår her.

### 3.2 Geografisk avgrensing

Området som ligg i utgreiingsområdet er vist på kart i *Figur 1*. Dette området vil i det følgjande bli omtala som ”Breheimen – Mørkrisdalen.” Vi nyttar vidare omgrepet *utgreiingsområde* om arealet. Før eit eventuelt verneframlegg ligg føre, er ikkje grensene for området klart definert, og omgrepet ugreiingsområde er difor mest høveleg.

---

<sup>3</sup> For meir informasjon, sjå <http://www2.nbg-nett.no/>



**Figur 1 Utgreiingsområdet for Breheimen – Mørkridsdalen**

Kartet viser at Breheimen – Mørkridsdalen fordeler seg mellom Luster i Sogn og Fjordane og kommunane Skjåk og Lom i Oppland fylke. Vidare ser vi at utgreiingsområdet i stor grad er landskapsregionen *høgfjellsområde i Sør Noreg* (NIJOS 2006). Store delar av utgreiingsområdet er over tregrensa, mellom 1000 og 2000 moh. Likevel inkluderer også utgreiingsområdet landskapsregionane *bre, indre bygder på vestlandet* og *fjellbygder i Oppland og Buskerud* (NIJOS 2006).

Utgreiingsområdet er i følge Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane<sup>4</sup> om lag 1800 km<sup>2</sup>, fordelt på om lag 600 km<sup>2</sup> i Sogn og Fjordane og om lag 1200 km<sup>2</sup> i Oppland. Vidare er om lag 25 % av området statsallmenning, resten (75 %) er bygdeallmenning og anna privat grunn.

Av Figur 1 ser vi at utgreiingsområdet for Luster sin del dreier seg om områda søraust for Jostedalen, samt nord for Vigdal. I tillegg strekk utgreiingsområdet seg nordover fra Luster, Skjolden og Fortun. Når det gjeld Skjåk kommune går utgreiingsområdet fra fylkesgrensa til Sogn og Fjordane og mot kommunegrensa til Lom (på sørsida av dalføret). For Lom kommune strekk utgreiingsområdet seg fra kommunegrensa mot Skjåk og Bøverdalen.

<sup>4</sup> Dette i følge offentlig brev ”Breheimen – Mørkridsdalen: melding om 1)oppstart av planarbeid etter naturvernlova 2) konsekvensutgreiling etter plan- og bygningslova.” (Tilgjengeleg: [www.Fylkesmannen.no](http://www.Fylkesmannen.no)).

Utanfor utgreiingsområdet har vi i tillegg vurdert det slik at eit *influensområde* må diskuterast i den følgjande rapporten. Dette er område som grensar opp til utgreiingsområdet. I influensområdet har vi prøvd å få oversikt over dei verksemndene og dei aktivitetane som er i området, og som kan bli påverka av eit eventuelt vern i Breheimen - Mørkrisdalen. Bakgrunnen for ei slik vurdering er mellom anna det aukande fokuset som er på *randområde*. Dette er særleg viktig med tanke på reiseliv og turisme. I Bondevik II-regjeringa sin såkalla "fjelltekst" blir dette diskutert eksplisitt (St.prp.nr 65 2002-2003). Her viser ein mellom anna til turisme i nasjonalparkane Dovrefjell-Sunndalsfjella, Femundsmarka og Reisa nasjonalpark:

"I disse tre nasjonalparkene består turismen både av nye og etablerte bedrifter, og det er klare indikasjoner på at turismeaktiviteten har økt ved alle parkene, særlig såkalte aktivitetsbaserte tilbud og bedrifter. For mange typer turisme er det ofte et samspill mellom bruken av verneområdene og randområdene, og det er *vansklig å betrakte turisme innenfor og utenfor parkene hver for seg*" (St.prp.nr 65 2002-2003, vår utheting)

På bakgrunn av dette må også influensområdet inkluderas i rapporten sine diskusjonar. Avgrensinga av influensområdet må nødvendigvis bli skjønsmessig. Alt reiseliv i dei tre aktuelle kommunane har i vid forstand tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen, fordi fjell og urørt natur er ein av dei viktigaste grunnane til at turistar kjem til området. Vi har prøvd å få oversikt over kva bedrifter som har ei meir konkret tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen, anten gjennom marknadsføring eller at kundane deira brukar området. Mange av desse verksemndene har vi intervjuat. Verksemndene er plukka ut av kommunalt tilsette. Etter kvart som vi har gjennomført intervju med desse, er også *andre/nye* verksemder blitt nemnde.

### 3.3 Arealplansituasjon

I høve til plan- og bygningslova skal kommuneplanens arealdel leggjast fram for kommunestyret ein gong i løpet valperioden til rullering / revisjon. Arealdelen er eit hovuddokument / plan som syner korleis kommunen tek sikte på å forvalte areal og naturressursar i kommunen. Vidare vert det i plan- og bygningslova gjeve høve til å utarbeide delplanar for einskilte område. Vi skal no kort sjå på arealplansituasjonen i dei tre kommunane i utgreiingsområdet.

#### *Skjåk*

Skjåk kommune arbeider med ein ny kommuneplan som skal vedtakast i 2006. I kommuneplanen sin arealdel 1991-2002 er heile utgreiingsområdet innafor kommunen markert som "Sone 3 LNF- område" (Landskap, Natur, Friluft). Her er det forbod mot spreidd bustad- og hyttebygging. Det er ikkje gjort endringar for utgreiingsområdet i forslaget til ny kommuneplan.

#### *Lom*

I Kommuneplanen sin arealdel 2003-2013 for Lom er utgreiingsområdet avmerka som LNF – utan bestemmelsar. Det meste av området er og avmerka som "sårbare områder for motorferdsel". Ved Bøvertjønna, like

innanfor utgreiingsområdet, er det eit hyttefelt som er under regulering for inntil 8 nye hytter (det er innanfor utgreiingsområdet). Det er òg eit område for ”Fritidsbustader – framtidig” i Leirlia, nordvest for riksveg 55, om lag 1 kilometer aust for der vegen frå Leirdalen kjem ut. Dette er utanfor utgreiingsområdet.

#### *Luster*

Luster kommune arbeider pr. april 2006 med revisjon av gjeldande kommuneplan, langsiktig del. I gjeldande kommuneplan frå 1991-2002 er heile utgreiingsområdet markert som LNF-område, med unntak av eit hyttefelt ved Osen, Åsetvatnet. Området får truleg same status i den nye kommuneplanen.

### 3.4 Organisering og samarbeid i reiselivet

Dette delkapitlet viser kort korleis reiselivsverksemndene i kommunane Lom, Skjåk og Luster er organisert og samanslutta.

#### *Lom og Skjåk*

I Lom og Skjåk er reiselivet organisert i Jotunheimen Reiseliv AS. Samanslutninga har oppretta nettsida [www.visitlom.com](http://www.visitlom.com), som vist i Figur 2. Hovudtyngda av bedriftene i Jotunheimen Reiseliv AS ligg i Lom, men dei organiserte turistverksemndene i Skjåk er også med i organisasjonen.

I strategiplanen (2004-2006) for dei fem reiselivsorganisasjonane i Nord Gudbrandsdalen er visjonen å utvikle nasjonalparkane i området til dei mest attraktive nasjonalparkane i Europa. *Nasjonalparkriket* er eit samarbeid for å utvikle reiseliv og næringsliv i tilknyting til nasjonalparkar i Nord-Gudbrandsdalen. Både Lom og Skjåk deltek i dette samarbeidet. Nasjonalparkriket er eit interkommunalt reiselivsprosjekt, i samarbeid mellom Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen, Fylkesmannen og fylkeskommunen i Oppland, reiselivsorganisasjonane i Nord-Gudbrandsdalen, Fjellstyra i Nord-Gudbrandsdalen og Statskog Sør-Norge. I prosjektplanen står det mellom anna: ”For reiselivet i regionen betyr nasjonalparkene en mulighet for en felles overbygging av et helhetlig reiselivsprodukt med unik konkurranseprofil” (Nasjonalparkriket 2004: 2). Nasjonalparkriket skal mellom anna syte for ein einskapleg profil i Nord-Gudbrandsdalen, samt utvikle samarbeidet og initiere/finansiere mindre lokale reiselivsprosjekt.



**Figur 2:** Jotunheimen Reiseliv AS (kjelde: [www.visitlom.com](http://www.visitlom.com))

Leiar i styringsgruppa for Nasjonalparkriket - Ole Aasaaren – oppsummerer nokre av resultata av Nasjonalparkrike prosjektet slik<sup>5</sup>:


- Har etablert einskaplege nasjonalparkruter
- Har etablert av stopp-punkt, informasjonstavler i området
- Har bidrige til meir einskapleg profilering, blant anna med felles logo. Nasjonalparkriket har blitt ein ”produktvaktmeister”
- Har etablert valfag på vidaregåande skule: ”nasjonalparkfriluftsliv”
- Har etablert desentralisert høgskulestudium; eittårseining i ”natur- og kunnskapsturisme.”
- Har knytt til seg tre ulike forskingsprosjekt

#### Luster

Reiselivsbedrifter i Luster samarbeider gjennom fleire organisasjonar og samanslutningar. *Reisemål Sogndal og Luster AS* er ein overordna organisasjon som har som hovudoppgåve å marknadsføre cruisedestinasjon Skjolden. Dette reisemålsselskapet nyttar [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no) som si offisielle vev-side (vist i Figur 3). Vidare er nyleg *Skjolden aktiv* etablert som ein lokalbasert organisasjon. Skjolden Aktiv er eit bygdeutviklingsprosjekt som arbeider med å legge til rette for turisme i Skjolden og indre deler av Lustrafjorden. I tillegg finst *Luster reiselivslag*

<sup>5</sup> Dette vart lagt fram av Olav Aasaaren –leiar i styringsgruppa for Nasjonalparkriket - på Lomskonferansen 2006 i foredraget *Nasjonalparkriket: Status og framtidsvyer*

([www.lustertoursit.com](http://www.lustertoursit.com)). Luster reiselivslag er i ferd med å bli avvikla, som ein konsekvens av at Reisemål Sogndal og Luster er etablert.



**Figur 3** Reisemål Sogndal og Luster (kjelde: [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no))

I tillegg finst ulike *iformelle* reiselivssamarbeid. Reiselivsverksemndene i Jostedalen har til dømes eit godt utvikla uformelt samarbeid gjennom Breheimsenteret. Dette samarbeidet skjer dels gjennom promotering og marknadsføring av ulike aktivitetar på nettsidene til Breheimsenteret, samt at senteret sel billettar for ulike reiselivsprodukt i skranken.

Eit anna prosjekt som er relevant i denne samanhengen er *Naturbruksprosjektet*. Dette er eit prosjekt initiert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Prosjektet vart etablert først som eit forprosjekt og deretter eit treårig prosjekt med avslutning i 2005. Hovudmålet med prosjektet har vore å ”auke verdiskapinga gjennom natur- og kulturbasert næringsutvikling i og ved utvalde verneområde i Sogn og Fjordane” (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2005: 4). Prosjektet er ikkje ei organisatorisk overbygning for ulike reiselivsverksemder i utgreiingsområdet. Prosjektet har likevel vore med å utvikle nye produkt og verksemder i det aktuelle området (bl.a Ice-Troll i Luster kommune). Dette kjem mellom anna av prosjektets delmål om å ”gjennomføre konkrete tiltak innan kultur- og naturbasert næringsutvikling i bygder kring dei utvalde verneområda (ibid.: 4). I tillegg

antydar sluttrapporten frå prosjektet at naturbruksprosjektet har vore med å utvikle samarbeidet på tvers av næringar i regionen.


## 4. Bruk av området i dag



Illvatnet, Luster. Foto: Jørn Karlsen

I dette kapitlet vil vi ta føre oss dei ulike bruksområda og brukargruppene i utgreiingsområdet. Opplysningane om denne aktiviteten er basert både på intervju og ulike skriftlege kjelder. Vi startar med å oppsummere friluftsaktiviteten i kommunane, for deretter å ta føre oss gardsturisme, turguiding og meir kommersielle overnatningsverksemder. For ein meir systematisert og samanfatta oversikt over aktørane og deira aktivitet bør *Vedlegg VI* konsulterast.

For å gje eit første oversiktsbilete av bruken av området, presenterer vi likevel først trafikktal for to viktige vegar i forhold til utgreiingsområdet: Strynefjellsvegen og Sognefjellsvegen. Sognefjellsvegen og Strynefjellsvegen er både viktige turistvegar. Vi har henta inn tal frå Statens Vegvesen, region vest, og presenterer dette som gjennomsnittleg årsdøgntrafikk for RV15 og RV55, vist i *Figur 4*.



**Figur 4** Årsdøgntrafikk, Strynejellsvegen og Sognefjellsvegen

Figur 4 kan nyttast til å skildre utviklinga i trafikken over desse to fjellovergangane. Tala som er presentert er årsdøgntrafikk. Dette angir den gjennomsnittlege døgntrafikken i året (summen av alle køyretøy som passerer eit tellepunkt dividert med antall dagar i året). Tellepunkt for Strynejellsvegen og Sognefjellsvegen er hhv. Ospelitunnelen og Rustadseter. Når det gjeld Sognefjellsvegen er denne stengt frå medio november til 1.mai, og ÅDT er såleis estimert på bakgrunn av månadsdøgntrafikk.

Figur 4 viser at trafikken på dei to fjellovergangane ligg mellom 600 og 800 kjøretøy per dag. Vi observerer òg at det har vore ein svak auke i trafikken på desse to vegane sidan 1997. Tydelegast ser vi dette på Strynejellsvegen, men også Sognefjellsvegen har hatt ein viss auke i ÅDT. Statusen til desse to vegane er no ”nasjonale turistvegar.” Dette blir diskutert grundigare i kapittel 4 om lokale aktørar sitt syn på reiselivsutvikling, der nettopp utviklinga av, og satsinga på, nasjonale turistvegar blir understreka.

#### 4.1 Friluftsliv

##### Skjåk

I Skjåk er jakt og fiske<sup>6</sup> ein aktivitet som lokalt vert sett på som viktig; særleg gjeld dette jakt på villrein, elg og hjort. Vidare er sal av jaktrettar ei viktig inntektskjelde for Skjåk Almenning, som er grunneigar mest for heile utgreiingsområdet i Skjåk. (Lundadalen heimraster er også grunneigar i delar av utgreiingsområdet i Skjåk). Det er 130-140 fellingsløyve på rein i Ottadalen-sør (Breheimen). Alle innbyggjarane i kommunen som ynskjer, og er kvalifisert, får tilgang til reinsjakt. Resten av fellingsløyva, omlag 70 prosent, vert sold til jegerar frå andre kommunar. Det er stor etterspørsel

<sup>6</sup> Delkapitlet om jakt/fiske i Skjåk er kvalitetssikra av almenningsbestyrar Stig Aaboen i Skjåk Almenning.

etter fellingsløyve. Berre 15-20 prosent av utanbygds søkerar får fellingsløyve. Det er ein auke i utlendingar som ynskjer å jakte. Det vert seld 180 småvilkort til utanbygdsjegerar i same området. I tillegg jaktar ein del innanbygdsjegerar i området. Dei kjøper småvilkort for heile allmenningen, og det er difor vanskeleg å vita kva fjellområde dei bruker - men allmenningsstyraren trur sørsla blir mykje brukt.

Villreinsjakta i Skjåk almenning er omtala som svært populær. Det er fleire grunnar til dette. Skjåk almenning peiker på at dyra har høg kvalitet, naturen er vakker, servicen er god og informasjonen til jegerane er omfattande. I tillegg tilbyr Skjåk Almenning gratis overnatningsbuer til bruk i jakta. Oppsynskorpset er vidare karakterisert som velfungerande. Eit visst segment av jakta kan kallast "kvalitetsjakt" med sal av "jaktpakker." Almenningsbestyrer Stig Aaboen i Skjåk Almenning reserverer seg likevel mot bruk av omgrepene "jaktpakker," då slik jakt førebels ikkje inkluderer meir enn ekstra god service. Slik jakt vert seld til jaktgrupper á 2-5 personar. Prisen er den doble av ordinære jaktkort til utanbygdsbuande. Jegerar som kjøper denne type jakt er tilreisande, men det hender dei inviterer med seg lokale jegerar som syter for lokalkunnskap og ekspertise. Siste året er det og danna selskap som seil eit heilt jaktpakke-tilbod.

Omfanget av den øvrige storviltjakta (elg og hjort) er 55 elgar og om lag 25 hjortar i heile Skjåk Almenning. Av dette er om lag 45 elgar og 20 hjortar sør for Otta elv. I tillegg til Almenningen, kjem om lag 10 elgar og 10 hjortar i *private* grunneigarlag sør for Otta elv. Lokale jaktlag har fortrinnsrett dersom dei betalar ein viss minstepris for jaktfelta.

Skåk Almenning er eit vald, delt inn i 8 jaktfelt. Privatdelen av Skjåk – Skjåk Utmarksråd – er eit vald delt inn i 6 grunneigarlag og dei same grunneigarlaga utgjer 6 jaktfelt. Styrar i Skjåk Almenning, Stig Aaboen, karakteriserer storviltjakta som ekstremt populær, og forklrar dette med at dyra er store med flotte gevir på hanndyra. Netto inntekt blir vurdert til om lag 500.000 kroner sør for Otta elv. Sesongen for jakt i området er oppsummert i *Tabell 1*.

**Tabell 1 Jaktsesong, Skjåk**

Jakt	Sesong
Rein	20. august - 10. september
Elg	25. september - 31. oktober
Hjort	15. september - 15. november
Rådyr	10. august – 23. desember (bukkejakt 10. august – 25. september)

I tillegg til jakt og fiske er òg utgreiingsområdet til ein viss grad nytta til turrekreasjon. Folk går turar opp frå hovuddalføret og innover fjelldalane, men det verkar likevel som at fjellområda er mest brukt til jakt og fiske. Kommunen ynskjer ikkje for stor "trafikk" inn i fjellområdet, då dei er redde for konflikt med villrein p.g.a uroing. Unntaket er Sota og Mysubytdalen der DNT har stignett og hytter, og der villreinen sjeldnare oppheld seg. På Sota var det 4194 overnattingar i 2005. Mange av desse går turar i området.

### *Lom*

Arealet knytt til det aktuelle verneområdet i Lom kommune er mindre enn i Skjåk. Områda på sørsvida av Ottadalen og sør for kommunegrensa mellom Skjåk og Lom er tamreinområde, noko som fører til at småviltjakt og fiske er dei mest aktuelle friluftsaktivitetane lokalt. Når det gjeld administrering og sal av fiske- og småviltkort er Lom Fjellstyre sentrale. Fjellstyret sitt ansvar er nettopp forvaltninga av statsallmenningen i Lom kommune, noko som er eit stort geografisk område; om lag 76 % av Lom kommune er statsallmenning. Lom fjellstyre forvaltar bruksrettane i Vårdalen statsallmenning, Visdalens statsallmenning og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, som til saman har eit areal på om lag 1.2 mill. dekar.

Utgreiingsområdet for Breheimen – Mørkrisdalen i Lom kommune er eit attraktivt område for fiske. Styrar i Lom fjellstyre reknar med at om lag 2/3 av dei ca 1200 fiskekorta som vert seld i Lom statsallmenning kvart år, gjeld fiske i utgreiingsområdet for Breheimen - Mørkrisdalen. Lom fjellstyre administrerer kortsal for fiske i 140 vatn og 130 km elv med aure (dette gjeld heile kommunen). Sal av kort går også føre seg i daglegvareforretningar, kioskar, turiststadar og postkontor.

Området er noko mindre brukt til småviltjakt. Lom fjellstyre opplyser at småviltjakta i Lom inkluderer rype, hare, skogsfugl og ender. For utanbygdsbuande er det fritt kortsal for småviltjakt utan hund, og for småviltjakt for innanbygdsbuande er det tillete med hund. I allmenningen som Lom fjellstyre forvaltar, er det store areal for fjellrypejakt. Områda som eignar seg for lirypejakt og bruk av hund er meir avgrensa. Mai Bakken i Lom fjellstyre opplyser at det ikkje finst oversikt over antal kort totalt selt i utgreiingsområdet, men for heile Lom vart det i 2005 selt 493 kort, av desse var 384 til utanbygdsbuande. I tillegg til desse korta kjem òg jaktkort selt for *Lomseggen sameige*, som også har eit stort areal i utgreiingsområdet.

Lom fjellstyre disponerer vidare eitt jaktfelt for jakt på elg og hjort som grensar til utgreiingsområdet. Felta vert tildelt ved treårs-kontraktar, med bestandsplanar for desse åra. Det er ny bestandsplan for perioden 2006 – 2008. Her er vedtaket slik: 10 elg i 2006 og 12 elg i 2007 og 2008, totalt 34 elg i 3-årsperioden. Det er 32 hjort årleg, totalt 96 i 3-årsperioden. Lom fjellstyre opplyser at elg-bestanden dei siste åra har vore på eit lågt nivå, medan hjortebestanden har vore aukande.

Lokalbefolkinga brukar elles utgreiingsområdet ein del til turar. I stor grad gjeld dette DNT sitt rutenett i vestområda. Det blir opplyst at utgreiingsområdet blir oppsøkt fordi det er relativt lite turistar i dette området, samanlikna med andre delar av Lom kommune og mange vurderer det som verdifullt av den grunn. Elles er det nokre som går toppturar på Hestbrepiggane, Lomseggje og Storhøe. Våren 2005 var det t.d. to lokallag av DNT som organiserte gruppetur til Lomseggje og Hestbrepiggane. Kari Sveen i Lom kommune opplyser også at Dumdalens ser ut til å bli eit meir populært utgangspunkt for grupper (skuleklassar, friluftslivsgrupper, turistgrupper på rundreise). Bakgrunnen for interessa er grottene i Dumdalen, som også er nemnt i Norsk Grotteforbund sin informasjonsfaldar frå 2006.

Lom fjellstyre forvaltar også 4 opne steinbuer og 7 utelegehütter.

**Tabell 2 Jaktsesong, Lom**

Jakt	Sesong
Hjort	10. september <sup>7</sup> - 15. november
Elg	25. september -31. oktober
Rådyr	1. oktober - 23. desember

#### *Luster*

I Luster kommune ligg det meste av DNT sitt rutenett i Breheimen - Mørkrisdalen, og det gjev grunnlag for ein del friluftsliv. Lokalt vert området brukt til friluftsliv med innfallsport frå Mørkrisdalen, Osen, Holmevatnet, Sprangdalen og Vanndalen.

Skjolden Aktiv ryddar og tilrettelegg turstiar i nærområdet ved Mørkrisdalen, både for lokalbefolkning og turistar. Dette området blir nytta til rekreasjon og turgåing for lokalfolk og turistar, særleg gjeld dette terrenget kring Åsetvatnet/Osen/Fast. Frå Jostedalen er austsida lite brukt på sommaren, men er meir brukt på vinteren. Området er brukt ein del til jakt og fiske.

Luster Austre Statsallmenning har om lag 20 fellingsløyve på villrein gjennom eit samarbeid med Skjåk Allmenning. Dei sel om lag 200 småvilkort og 250 fiskekort. Desse tala gjeld for heile allmenningen, og det er vanskeleg å avgjere *kvar* i allmenningen korta vert brukte, aust eller vest for Sognefjellsvegen. Mykje av området til allmenningen i Breheimen - Mørkrisdalen ligg så høgt at det ikkje er så attraktivt for småviltjakt. Når det gjeld småviltjakta er det hovudsakleg fjellrype og hare som er aktuelt. Tettleiken varierer frå år til år og internt i området etter varierande næringsgrunnlag. Generelt er det ein bra fjellrypebestand i området Vest-Jotunheimen og i einskilde lægreiggjande område av Breheimen - Mørkrisdalen, opplyser fjellstyret for Luster Austre Statsallmenning.

Skjolden grunneigarlag sel fiskekort for Mørkrisdalen og Åsetvatnet. Dette grunneigarlaget er ein interesseorganisasjon for dei aller fleste grunneigarane i Skjolden. Hovudarbeidsområdet er forvaltning av småviltjakt og fiske. Av småvilt kan det jaktast på rype, skogsfugl og hare. Både av jakt- og fiskekort vert det selt dagskort, 3-dagars kort og sesongkort. Laget dekker neste heile Mørkridsområdet.


Andre aktørar med interesse her er Bolstad og Heltne Sameige. Dette er ein interesseorganisasjon for grunneigarane i Bolstad og Heltne i Mørkrisdalen. Laget si hovudoppgåve er mellom anna å feste ut tomtar i hyttefeltet på Osen ved Åsetvatnet og sal av fellingsløyve for hjort på privat grunn og på sameigene.

#### *Den Norske Turistforening*

Den Norske turistforening har etablert eit nett av hytter og stigar i Breheimen - Mørkrisdalen. Figur 5 gjev eit oversyn over DNT sitt nett av hytter og turruter i området. Hytter markert med heil raud fargelegging er betjente hytter, medan halv raud fargelegging markerer sjølvbetjente hytter.

---

<sup>7</sup> Det er ulik oppstart på hjortejakta – nokre felt i Lom tek til 10. september, andre ventar til 25. september.



**Figur 5:** Oversikt over DNTs hytter og stignett i området (kjelde: Den Norske Turistforening)

Som vi ser av kartet har DNT 2 betjente hytter og 8 sjølvbetjente hytter i området, vist i Tabell 3. Tabellen viser også talet på overnattingar i 2005.


**Tabell 3** DNTs hytter i Breheimen - Mørkrisdalen

Hytte	Overnattingstal 2005
<b>Betjente hytter</b>	
Nordstedalsæter	1159
Sota Sæter	4194
<b>Sjølvbetjeningshytter</b>	
Arentzbu	472
Fast	168
Navarsete	133
Skridulaupbu	40
Slæom	215
Sprongdalshytta	308
Stølsdalen	85
Trulsbu	214
Vigdalstøl	138

(Kjelde: Den Norske Turistforening)

DNT har òg om lag 15 merka fotturruter i området. (Sjå elles vedlegg III for oversikt over turstiar. På Sota Sæter og Nørstedalseter er det ein del gjester som ligg fast og går dagsturar i nærområdet. Sota Sæter hadde 4194 overnattingar i 2005. Det er ein liten auke i høve til dei siste åra. Nørstedalseter hadde 1159 overnattingar i 2005. Dei ubetjente hyttene har frå 40 til 600 overnattingar, der Arentzbu har flest overnattingar og Skridulaupbu færrest. Presise tal for besøksutviklinga på DNT sine hytter frå 1998 til i dag, er presentert i vedlegg IV.

For å indikere utviklinga i den *samla* bruk av DNT sine hytter – både betjente og ubetjente – i Breheimen – Mørkrisdalen presenterer vi overnatningsutvikling for hyttene, vist i *Figur 6*. Figuren seier noko om korleis besøkstala har utvikla seg frå 1998 til i dag.



**Figur 6** Overnatningsutvikling for DNTs hytter i Breheimen - Mørkrisdalen

*Figur 6* viser at det har vore ein generell auke i overnattingar på dei betjente hyttene til DNT i Breheimen – Mørkrisdalen. Denne auken er vidare relativt jamnt fordelt på Sota sæter og Nørstedalseter. Sjølvbetjeningshyttene har eit meir stabilt overnattingstal per år, sjølv om toppåret 2001 gjer eit visst utslag på figuren over.

### Turguiding

Det er lite aktivitetsbasert turisme i Breheimen - Mørkrisdalen. DNT har to førarar som fører over Fortundalsbreen (mellan Sota og Nørstedalseter) kvar dag i ein månad kvar sommar, frå om lag 15. juli til 16. august. Jan Erik Reiten i DNT opplyser at det er om lag 250 personar i året som nyttar seg av tilbodet. Reiten opplyser òg at det i 2006 var 203 deltakarar på andre føringar med utgangspunkt i Sota Sæter. Dette talet er litt lægre enn åra før, vist i tabell 4.

**Tabell 4** DNTs føringsaktivitet med utgangspunkt i Sota Sæter

	2004	2005	2006
Grupper totalt	21	16	17
Deltakarar totalt	333	254	203

Fimbul Jostedalen har nokre vinterkurs og vinterturar i området vest for Spørtegggreen. Dei trur det kan bli meir aktivitet i åra som kjem.

Både Norgesguidene og Naturopplevingar i Lom har noko aktivitet i tilknyting til Breheimen – Mørkrisdalen i Lom kommune. Desse verksemde brukar likevel *ikkje* Breheimen – Mørkrisdalen i utstrakt grad. Naturopplevingar opplyser til dømes at ”lite eller ingenting” av aktiviteten til firmaet er knytt til Breheimen - Mørkrisdalen. I følgje Bjørn Åge Jenssen (dagleg leiar i Naturopplevingar) begrensar Naturopplevingar sin bruk av utgreiingsområdet til klatrestien opp mot Lomseggen.

Både Naturopplevingar og Norgesguidene har grotteføring i Dumdalen i sumarsesongen, men omsetninga på denne aktiviteten er *ikkje* stor. Mette Frydenberg Reinertsen i Norgesguidene opplyser at grotteføringa som regel dreier seg om 3-5 personar pr. tur, samt at det har vore om lag 3-10 turer pr sesong dei siste fire åra. Omsetninga blir estimert til 5000 - 10 000 kr. i året. I tillegg til Dumdalen, har Norgesguidene hatt skredkurs i Engjadalen, samt ski- og isklatreturar frå Jostedalen. Jostein Aasen – førar i Norgesguidene – opplyser at verksemda har hatt fokus på å utvikle vinteraktivitetane sine i Breheimen dei siste åra. Dette gjeld både isklattring, toppturar, skredkurs, vinterkurs og hytte-til-hytte turar. Enno har det likevel *ikkje* blitt eit stort volum på denne turismen.

Kajakk og elvesport er òg ein del av aktivitetstilbodet i utgreiingsområdet, og det tilhøyrande influensområdet. I Jostedalen held verksemda Ice-Troll til, med tilbod både på Styggevatnet, Nigardsbrevatnet og Tunsbergdalsvatnet. Verksemda tilbyr guida kajakkturar i influensområdet til Breheimen – Mørkrisdalen. Moreld Rafting har tilbod om rafting i Jostedøla, eit influensområde til utgreiingsområdet. I Mørkrisdalen held Skjolden rafting til, med rafting og guiding i Mørkrisdalen. Både Moreld og Skjolden Rafting starta opp elvesportsaktiviteten sin sumaren 2006, så omfanget er framleis uvisst. I Oppland har Lom Rafting og Skjåk rafting-aktivitet i influensområdet.

#### *Viktige innfallsportar til Breheimen - Mørkrisdalen*

Basert på informasjon frå dei involverte kommunane Luster, Skjåk og Lom, samt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Oppland, er det nokre innfallsportar til Breheimen – Mørkrisdalen som peiker seg ut som særleg viktige. For Skjåk sin del blir desse innfallsportane lagt vekt på – i prioritert rekkefølgje:

- Sota
- Grotli
- Lundadalen

I Lom kommune vert følgjande innfallsportar til Breheimen framheva:

- Sognefjellsvegen ved Bøvertun og Dumdal
- Høydalen
- Sti frå Lom mot Lomseggje
- Krossbu
- Sognefjellshytta

Luster kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane opplyser at dette er dei viktigaste innfallsportane til Breheimen – Mørkrisdalen:

- Mørkri
- Vigdal
- Nørdstedalseter
- Viva / Sprongdalshytta (det er også T-merka sti frå Viva til Sprongedalshytta (DNT) og vidare til Sota Seter)
- Vanndalen
- Fagredalen
- Styggevassdammen

#### *Private hytter*

Det er nokre private hytter i utgreiingsområdet. Det totale antallet hytter er likevel vanskeleg å presisere, gitt rammene til dette prosjektet. I *influensområdet* til Breheimen – Mørkrisdalen er det likevel fleire hytter og hyttefelt. Langs riksveg 15 (Strynefjellsvegen) mellom Grotli og Billingen er det i underkant av 200 hytter, og ved Pollfoss er det 90 hytter og regulert til 35 til. I Bøverdalen er det ein del setrar, og enkelte hytter. Ved Bøvertjønn er det eit hyttefelt med om lag 45 hytter, der det er opna for regulering av 6 – 8 nye tomter i tilgrensande felt. Elles er det nokre setrar i Mørkrisdalen og eit hyttefelt ved Osen til Åsetvatnet og nokre hytter langs nordaustsida av vatnet. Hyttefeltet på Osen har om lag 30 hytter.

Skjåk Allmenning har fire buer med enkel standard som ligg i utgreiingsområdet til Breheimen - Mørkrisdalen. Desse er tilgjengeleg for jegerar i jakta og kan brukast av andre elles i året. Gjennom allmenningen er hyttene felleseige for innbyggjarane, og hyttene vert ikkje leigd ut på kommersiell basis. Luster Austre Statsallmenning har også ei hytte i området. Vidare ligg Styggevasshytta i kanten av utgreiingsområdet. Denne hytta er tilgjengeleg for ålmenta og eigar er ”interessegruppa for Styggevasshytta.” Nøkkel til hytta får ein ved å vende seg til Jostedal hotell på Gjerde i Jostedalen.

*Tabell 5* gjev ein oversikt over stølar, buer, hytter og setrar i Breheimen - Mørkrisdalen. Tabellen er basert på ulike kjelder. Viktigast er Øvregard

(1999), Skjerdal (2006), samt Skjåk kommune sin utmarksplan frå 1999. Lista er ikkje komplett, men gjev eit førebels oversyn over viktige område.

**Tabell 5 Stølar, buer, hytter og setrar i Breheimen - Mørkrisdalen**

Namn	Område	Type/antal hytte/støl
Persli	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, fleire tufter
Berget	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, 1 løe
Steinhaugen	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, 1 fjøs
Knivbakkgjerdet	Skjolden/Mørkrisdalen	2 løer, fleire tufter
Knivbakkli	Skjolden/Mørkrisdalen	5 sel
Dulsete	Skjolden/Mørkrisdalen	4 sel, 1 hytte og 3 løer
Liane	Skjolden/Mørkrisdalen	3 sel
Langdalen	Skjolden/Mørkrisdalen	8 sel, fleire tufter
Fossen	Skjolden/Mørkrisdalen	3 sel, fleire tufter
Skåri	Skjolden/Mørkrisdalen	2 hytter
Gurosete	Skjolden/Mørkrisdalen	2 sel
Osen	Skjolden/Mørkrisdalen	7 sel, fleire naust og hyttefelt
Åsete	Skjolden/Mørkrisdalen	6 sel, fleire tufter
Fast	Skjolden/Mørkrisdalen	7 sel, fleire tufter
Fjellsli	Skjolden/Mørkrisdalen	4 hytter, fleire tufter
Nobbi	Skjolden/Mørkrisdalen	2 sel, 1 tuft
Rausdalen	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, 1 tuft, Arentzbu
Bolstadsveidalen	Skjolden/Mørkrisdalen	1 tilsynsbu, fleire tufter
Haugsveidalen	Skjolden/Mørkrisdalen	fleire tufter
Nyhammar	Skjolden/Mørkrisdalen	1 tuft
Stilla	Skjolden/Mørkrisdalen	fleire tufter
Råsane	Skjolden/Mørkrisdalen	2 sel, fleire tufter
Myrasete	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel
Bolmhaugen/Blomøy	Skjolden/Mørkrisdalen	Fleire tufter
Hallingbakkane	Skjolden/Mørkrisdalen	Fleire tufter
Tjødnabakken	Skjolden/Mørkrisdalen	Grillhytte
Lønningane	Fortun/Fortunsdalen	2 sel
Nysethaugen	Fortun/Fortunsdalen	
Smole	Fortun/Fortunsdalen	1 sel
Stokkastølen	Fortun/Fortunsdalen	1 sel
Klepp	Fortun/Fortunsdalen	2 sel
Indre Smole	Fortun/Fortunsdalen	
Mysubyta	Skjåk kommune, innanfor utgreiingsområdet	9 setrer
Røykjeskålsli	Skjåk kommune, innanfor utgreiingsområdet	Geiteseter felles
Yste Lundadalsetra	Skjåk kommune, innanfor utgreiingsområdet	2 hus (sel), 5 setrer
Botn seterstul	Skjåk kommune, i influensområdet	5 setrer

Framruste	Skjåk kommune, i influensområdet	11 setrer
Dyringen	Skjåk kommune, i influensområdet	4 setrer
Sota seterstul	Skjåk kommune, i influensområdet	8 setrer
Ved Liavatnet langs vegen til Sota	Skjåk kommune, i influensområdet	Om lag 90 hytter
Tundradalsseter	Skjåk kommune, i influensområdet	5 seter
Brennsetrene	Skjåk kommune, i influensområdet	3 setrer
Kollungen seterstul	Skjåk kommune, i influensområdet	3 setrer
Skjellom	Skjåk kommune, i influensområdet	4 setrer
Brumillomsetrea	Skjåk kommune, i influensområdet	2 setrer
Heimaste Lundadalssetra	Skjåk kommune, i influensområdet	7 setrer
Raudalsbue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Beitebu felles
Grønstorrbue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Allmenningsbu
Sottjønnbue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Allmenningsbu
Glitterbue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Allmenningsbu
Lundadalen	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Beitebu og sauhytte felles
Lenda	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Steinbu
Skriuhaugan	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Steinbu
Sandå	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Beitebu felles
Kollungshytta	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Jaktbu
Syrtbyttvatnet	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Jaktbu
Isakhytta-Lundadalen	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Jaktbu
Strynefjellvegen	Skjåk kommune, i influensområdet	Om lag 170 private hytter
Pollfoss	Skjåk kommune, i influensområdet	Om lag 90 hytter
Nørdre Høydal	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Aktiv seterdrift
Søre Høydal	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Ikkje aktiv seterdrift
Vassenden	Lom kommune, i influensområdet	
Måfå	Lom kommune, i influensområdet	
Prestesetra	Lom kommune, i influensområdet	
Hovdestulen	Lom kommune, i influensområdet	
Netoseter	Lom kommune, i influensområdet	
Leiksetra	Lom kommune, i influensområdet	
Bjøyllungsdalshovden	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Tilsynsbu
Bakkebergsfjellet	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Tilsynsbu
Bøverdalen	Lom kommune, i influensområdet	Setrar
Bøvertjønn	Lom kommune, delvis i utgr.området	Hyttefelt, om lag 45 hytter

## 4.2 Gardsturisme

Vi har tidlegare definert gardsturisme som ei form for turisme lokalisert ved, og i tilknyting til, eksisterande gardar og/eller landbruksbedrifter. Turisme må vidare utgjere *ein viss del* av driftsgrunnlaget for bruket. Gitt ein slik definisjon, kan det vere vanskeleg å lage ei uttømmande liste over verksemndene. Som kjelde for oversynet vi presenterer i *Tabell 6, Tabell 7*

og *Tabell 8* har vi for det første snakka med tilsette i kommunane og nyttat nettsidene til ”Norsk bygdeturisme og gardsmat” (<http://www.norsk-bygdeturisme.no/>). Andre kjelder som ligg til grunn er Skjerdal (2006) og brosjyra ”Bygdeturisme & Gardsmat på vestlandet” fra 2006.

I tillegg til dei verksemndene vi presenterer under, er det fleire som leiger ut hytter eller rom til turistar som brukar fjella. Gitt rammene for prosjektet, har det likevel ikkje vore mogleg å skaffe full oversikt over alle desse tilbydarane.

**Tabell 6 Gardsturisme, Skjåk**

Aktør	Namn på verksemd	Lokalitet	Aktivitet
Mona Bøhle/Arild Fallingen	Nistuen rudsar gard		Hesteskyss og hestetransport i jakta
Per Forberg	Mogard Gardsmat og gjestgiveri		Utleige og gardsmat
Gunnar Solum			Hestransport i jakta
Rolv Flækøy	Nigard Flækøy	Nordberg	Gardsturisme
Mari Brandsarbakken		Bråtå	Seterturisme
Olav Lund			Campingplass og gard
Frans Gjeilo			Campingplass og gard
Hans Heggebotten			Seterturisme
Rasmus Forberg		Lundadalsetra yste	Utleige av sel under villreinjakta
Ola Moen		Lundadalsetra yste	Utleige av sel under villreinjakta
Kolbjørn Soglo	Breheimen Safaries		Jaktguiding

**Tabell 7 Gardsturisme, Lom**

Aktør	Namn på verksemd	Lokalitet	Aktivitet
Jo Kolbjørn Sulheim			Overnatting og gardsopplevingar
Arne Galde	Uppigard Galde		Overnatting
Olav J. Galde	Nigard Galde		Overnatting
Hans Slålien	Bøverkinn Sæter		Hytteutleige
Per Kveen			Handtverk og trearbeid
Sigurd Stenersen			Handtverk og trearbeid
Ola Aukrust (Norgard Aukrust)	Norgard Aukrust		Lokalmat, urter, kurs og arrangement
Odd Erik Aukrust (Lom Fiskeguiding)	Lom Fiskeguiding		Fiskeguiding
Else Brandsar			Gardsutleige
Magne Røhr			Utleige
Anne Jorunn og Trond Dalsegg	Strind gard		Overnatting og gardsopplevingar

**Tabell 8 Gardsturisme, Luster**

Aktør	Namn på verksemd	Lokalitet	Aktivitet
Laila Gjerde	Jostedal hotell	Jostedalen	Hotell i tillegg til gardsdrift

Reidar Fjøsne		Dalsdalen	Utleige av hytte, i tillegg til jakt
Hans Urdahl		Dalsdalen	Utleige av hytte i tillegg til jakt
Bjørg Hovland		Dalsdalen	Restaurert hus, tradisjonsformidling
Simon Page		Mørkris	Lam og turguiding
Knut Marås		Mørkris	Jaktguiding
Sølvi og Jan Steig	Bjørk Gard	Fortunsdalen	Utleige av hus og lokalmat
Bente og Torkjell Sollesnes	Bjørkehagen besøks- og undervisningsgard	Fortunsdalen	Pedagogisk opplegg for skular/barnehagar, økologisk mat og overnatting.
Svein Arne Næss	Viki Fjordcamping	Høyheimsvik	Utleige av hytter
Harald Hærum	Sogn Fjordhytter	Hæri	Utleige av hytter
Thomas Dalsøren	Dalsøren Camping	Luster	Utleige av hytter
Asbjørn Månum	Nes gard	Høyheimsvik	Gardsovernattning og mattservering

#### 4.3 Kommersiell overnatting

Dei tre kommunane Lom, Luster og Skjåk har om lag 300.000 gjestedøgn i året på hotell, campingplassar og hyttegrender. Lom er størst med 150.000, Luster 90.000 og Skjåk 50.000 (meir detaljert statistikk finst i *Vedlegg IV*). Dei fleste av desse turistane er orientert mot Jotunheimen, eller reiser gjennom "fjell-Noreg". Ein liten del har eit bevisst forhold til Breheimen - Mørkridalen eller brukar dette fjellområdet aktivt. Vi registrerer likevel at fleire overnattingsbedrifter nyttar nærleik til Breheimen – Mørkridalen i profileringa si. I det følgjande vil vi nemne dei verksemndene som det synest som har mest tilknyting til Breheimen – Mørkridalen. Desse overnattingsverksemndene er oppsummert i

*Tabell 9, Tabell 10 og Tabell 11.*

Som vi ser av tabellane er det ei rekke ulike typar overnattingsverksemder i det aktuelle området, både hytteutleige, campingplassar, vandrarheimar, pensjonat og hotell. Standarden varierer frå det heilt enkle til det meir luksuriøse. Dei større overnattingsverksemndene i influensområdet er Grotli hotell, Nissegården (hyttegrend), fleire hotell i Lom sentrum, Bøvertun Skysstasjon, Krossbu, Sognefjellshytta, Jotunheimen fjellstue i Bøverdalen, Skjolden hotell og Jostedal hotell. Med unntak av Grotli hotell ligg desse mellom Breheimen - Mørkridalen og Jotunheimen eller Jostedalsbreen. I tillegg ser vi av tabellane at det er ei rekke campingplassar i utgreiingsområdet og det tilhøyrande influensområdet. Det er vanskeleg å vite kor mykje turistane her brukar Breheimen - Mørkridalen, men i følgje dei eigarane vi har intervjua kjem mange på grunn av naturen. Ein del turistar overnattar i nokre dagar og går turar i området.

Jotunheimen og Jostedalsbreen er meir nytta og kjente fjellområde enn Breheimen - Mørkridalen. I følgje informantane er det desse fjella som trekkjer majoriteten av turistane, og verksemndene bruker dei i si marknadsføring. Breheimen - Mørkridalen er ein del av heilskapen - fjell og natur - men i seg sjølv trekkjer ikkje Breheimen - Mørkridalen mange turistar. I følgje fleirtalet av informantane vil det truleg ikkje føre til auka tal

turistar til området om Breheimen - Mørkrisdalen blir verna. Nokre trur likevel at vern kan gje større merksemد og difor fleire tilreisande.

**Tabell 9** Overnatningsverksemder i tilknyting til Breheimen – Mørkrisdalen, Skjåk

Verksemnd	Type	Kapasitet	Tilknyting
Dønnfoss camping	Hyttegrend og campingplass	12 hytter, 2 leiligheter, 177 bubil og campingvognplasser	Turar i Tundradalen
Grotli høgfjellshotell	Overnatting og servering	125 senger	Viktig, men mange som berre overnattar.
Sota Sæter	Overnatting og servering, DNT-hytte	72 senger	DNT stiar, føring over Fortuadalsbreen og til Tverrådalskyrkja
Stuttgången Sæter	Butikk i turistsesong, hytter, campingvognplass	15 senger, 3 leiligheter	
Skjåk Sæter	Hytter, kafe, campingplass	Har 60-70 personar pr døgn i sesong. Større kapasitet	
Øyberg sæter	Hytter, campingplass, forsamlingslokale.		
Bispes camping	Campingplass og hytteutleige og båtleige	10 hytter	Reklamerer med nærliek til Breheimen i internettprofileringa
Gjeilo camping	Campingplass og hytteuleige	10 hytter	
Pollfoss	Gjestehus og hotell		
Mari Brandsarbakken	Turisme på sætra i Bråå		
Nigard Flækøy	Gardsturisme i Nordberg	13 senger, 3 bueiningar på gardstun	Nyttar Breheimen i internettprofileringa
Hans Heggebotten	Seterturisme		

**Tabell 10** Overnatningsverksemder i tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen, Lom

Verksemnd	Type	Kapasitet	Tilknyting
Nissegarden	Hyttegrend	130 senger, 30 hytter	Lomseggje, og mot Galhøpiggen sommerskisenter
Bakkejordet	Stor utleigehytte	8 senger, 1 hytte	
Synstad camping	Camping og hytteutleige	16 senger, 8 hytter	
Fossberg hotell	Hotell	100 senger, 35 rom, 9 hytter/leiligheter	
Fossheim turisthotell	Hotell	100 senger, 50 rom, 6 hytter/leiligheter	
Nordal Turistsenter	Diverse overnatting	305 senger, 15 rom, 72 hytter/leiligheter	
Lom ski og fjellcamp	Hytteutleige	131 senger, 40 hytter/leiligheter	
Strind Gard	Gardsovernatting	32 senger, 2 rom, 7 hytter/leiligheter	
Andvord Gard	Restaurert tingstad	23 senger, 12 rom	
Røisheim Hotell og skysstasjon	Restaurert gardstun med	50 senger, 24 rom	

	matservering		
Elveseter hotel	Hotell og restaurant	230 senger, 90 rom og 8 leiligheter. 5-6000 overnatting + like mange matstopp	
Leirmoen camping	Camping og hytteutleige	32 senger, 9 hytter	
Bøverdalens Vandrehjem		32 senger, 7 rom og 10 hytter	
Bøverton Skysstasjon	Overnatting og noko meir	Er under utvikling	
Bøverkinn Sæter	Hytteutleige på tradisjonell seter	2 uteigehytter	
Høydalsæter	Tidlegare turisthytte, no uteige hytte	20 senger, 10 rom	Skriv på heimesidene sine at sætra er eit "ugangspunkt for fjellturar vidare inn i Jotunheimen og Breheimen."
Vassenden	Stor uteigehytte	25-30 senger	Ligg midt i naturen, Stillheit, ro og turar. 8 veker. Ikkje planar om utviding førebels.
Uppigard Galde	Gardsovernattning		
Nigard Galde	Overnatting		
Jotunheimen fjellstue	Overnatting og restaurant	Overnatting: 51 senger, fordelt på 26 rom (pr. 31.07.06). Restaurant: 2-120 pers. Ca. 2000 gjestedøger pr. år, og ca. 1500 restaurantgjestar per år.	Har ønskje om å ta i bruk større del av kapasiteten
Krossbu turiststasjon	Privat turisthytte	5000 i året, 91 senger, 30 rom	Ca 40% av kundane brukar Breheimen. Er med å marknadsføre Sognefjellsvegen og gjennom det få fleire turistar.
Sognefjellshytta	Privat turisthytte	4500 i året, 80 senger, om lag 180 døgn per år.	Stengt om vinteren, bortsett frå i påska. Betydeleg sumarskiaktivitet; treningsleir med om lag 3000 skiløparar per år.

**Tabell 11** Overnatningsverksemder i tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen, Luster

Verksemnd	Type	Kapasitet	Tilknyting
Nymo leirplass	Campingplass	96 senger, 11 hytter	Turistane bruker fjella
Bolstad camping, Skjolden	Campingplass	48 senger	
Vassbakken kro og Topp camping	Campingplass	48 senger, 13 hytter	
Skjolden hotell	Hotell med restaurant	100 senger, 55 rom	
Sogn Fjordhytter	Utleigehytter	16 senger, 2 hytter	Godt utgangspunkt for turar i Breheimen - Mørkrisdalen og Jotunheimen.
Fortuna kafe og pensjonat	Pensjonat	10 senger, 5 rom	
Bjørk Gard	Overnatting, gardsturisme	10 senger, 2 hytter	Opplyser at Garden ligg fint til som utgangspunkt for fjellturar i Vest-Jotunheimen og Breheimen - Mørkrisdalen
Turtagrø	Overnatting	110 senger, 40	

		rom	
Dalsøren camping	Camping og hytteutleige	48 senger, 14 hytter	
Luster fjordhytter	Hytteutleige	60 senger, 12 hytter	
Viki fjordcamping	Hytteutleige	50 senger, 14 hytter	
Nes camping	Camping		
Nes gard, bed & breakfast	Restaurert gardstun, med fleire rom og matservering	25 senger, 12 rom 2 leiligheter	Nyttar Breheimen i internett-profileringa
Jostedal hotell	Hotell restaurant/kafe	46 senger, 20 rom og 1 leilighet	Noko aktivitet i tilknyting til Breheimen - Mørkrisdalen, men Jostedalsbreen mest sentral
Gjerde camping	Camping	36 senger, 10 hytter	
Nigardardsbreen camping	Camping	36 senger, 9 hytter	Ved sida av gardsdrift

#### 4.4 Oppsummering av dagens bruk og vurdering av ulike delområde

Breheimen er registrert som eit område av nasjonal interesse for friluftsliv i FRIDA-databasen (registrerte område av friluftslivsinteresse i Sogn og Fjordane, ved miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen). Breheimen er også klassifisert som eit område av nasjonal eller stor regional verdi til friluftsformål i Oppland (Miljøstatus Oppland).

Breheimen - Mørkrisdalen er likevel i mindre grad enn eksisterande verneområde (som Jotunheimen og Jostedalsbreen) nytta i marknadsføring. Fjellområdet er ei "villmark" som vert brukt til å utøve det enkle friluftslivet. Breheimen - Mørkrisdalen ligg mellom dei store "fjelltrekplastra" Jotunheimen og Jostedalsbreen og er ein del av fjellområdet, men det verkar som området ikkje trekkjer så mykje folk i seg sjølv.

Å gjere ei presis vurdering av friluftslivet sin verdi i utgreiingsområdet er vanskeleg. Dei systematiserte oversiktene over hytter, stinett, DNT-aktivitet, jakt og fiske gjev likevel indikasjonar på *omfanget* av friluftsliv i Breheimen – Mørkrisdalen. På bakgrunn av denne oversikten ser vi at det er ein del friluftslivsaktivitet i området. Dette friluftslivet må og i stor grad karakteriserast som *tradisjonelt*, med typiske aktivitetar som fotturar, skiturar, jakt og fiske. Den kommersielle aktiviteten i området kan ikkje karakteriserast som stor. Vi finn somme verksemder som har aktivitetar i området, men dei fleste informantane understrekar at dette er eit område utan det store turistvolumet. Det er likevel slik at Breheimen – Mørkrisdalen har nokre særtrekk i reiselivs- og friluftslivssamanhang som er viktige i ein norsk samanheng. I tillegg gjer tilknytinga og nærleiken til eksisterande verneområde Breheimen – Mørkrisdalen til eit spesielt område. Breheimen – Mørkrisdalen vil ved eit eventuelt vern inngå som ein del av eit stort samanhengande og mangfaldig verneområde.


I ein slik diskusjon reiser det seg òg spørsmål om det er områder i utgreiingsområdet som er *særskilt* viktige og verdifulle. Dette er eit vanskeleg spørsmål å svare på, dels på grunn av manglande objektive

kriterium, og dels fordi dei som bur på ulike stadar vil oppfatte ”sitt” område som særleg verdifullt. Det finst likevel nokre fylkesvise vurderingar, prioriteringar og rangeringar av område *innanfor* Breheimen – Mørkrisdalen og i det tilhøyrande influensområdet. Desse prioriterte områda er likevel ikkje vurdert ut frå Breheimen – Mørkrisdalen som *heilskap*. Det dreier seg om fylkesvise vurderingar eller jamvel mindre geografiske einingar. Oversiktene vi presenterer er basert på opplysningar frå Fylkesmannen i Oppland og Sogn og Fjordane, samt fylkeskommunane i dei respektive fylka.

Fylkesmannen og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane opplyser at den rangeringa som finst av ulike friluftslivsområde i Sogn og Fjordane er kartfesta i Sogn og Fjordane sitt såkalla fylkesatlas ([www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)). Fylkesatlaset er eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune, og atlaset inneholder informasjon om friluftsliv frå tre kjelder: FRIDA, Fylkesdelplan for arealbruk (2000) og fylkesdelplan for friluftsliv (1994). Basert på fylkesatlaset for Sogn og Fjordane er følgjande område i utgreiingsområdet som er særleg viktige i eit friluftslivsperspektiv, ved at dei er sett til nasjonal verdi. Det gjeld:

- Breheimen (kjerneområde): Nasjonalt viktig friluftsområde
- Mørkrisdalen: Nasjonal viktig friluftsområde
- Vigdalen: Nasjonalt viktig friluftsområde

*Figur 7* viser eit utsnitt frå Fylkesatlas.



Fylkesmannen i Oppland opplyser at dei har hatt ein oversikt basert på informasjon kommunane sjølv har rapportert til Fylkesmannen. Denne oversikta inneholder ingen direkte verdivurdering av særskilte område, men i følgje Fylkesmannen i Oppland, indikerer listene omfanget av bruken av ulike område. Utskrifter frå FRIDA-databasen i Oppland, for kommunane Skjåk og Lom viser følgjande friluftsområde av nasjonal bruksverdi:

- Sota
- Grotli-Nysæter
- Sota-Mysubytta

For Lom er det følgjande område som er klassifisert som nasjonal bruksverdi:

- Leirdalen, Vest-Jotunheimen, Sognefjellet

*Miljøstatus i Oppland* inneholder også ein oversikt over område med nasjonal eller stor regional verdi til ulike friluftsformål. Vi registrerer at området ”Breheimen” er kategorisert i gruppe 2, jf Figur 8.



MILJØSTATUS I NORGE | MILJØSTATUS I FYLKENE | MILJØSTATUS I KOMMUNENE

**Miljøstatus i Oppland**

**Friluftsliv**

**Friluftsområder i Oppland**

Miljøstatus i Oppland

↓ Tema

- Avfall
- Biologisk mangfold
- Friluftsliv**
- Barn og unge
- Friluftsområder i Oppland**
- Kjemikalier
- Klima, luft og støy
- Kulturminner
- Regional planlegging
- Vannkvalitet

Nøkkeltall

Dokumenter

Om Nettstedet

Kontakt

**Friluftsliv**

**Friluftsområder i Oppland**

Her gis en oversikt over områder av nasjonal eller stor regional verdi til ulike friluftsformål i Oppland. Områdene er gruppert etter følgende kriterier:

**1. Større, urøte naturområder** - liten grad av tilrettelegging for friluftsliv - minimalt med andre inngrep - potensiale for enkelt, ikke tilrettelagt friluftsliv:

Område	Kommuner	Beskrivelse
Reinheimen	Lesja, Skjåk, Lom, Vågå	Større fjellområde, foreslått nasjonalpark/landskapsvernområde

**2. Større naturområder med en viss tilrettelegging** - DNT - rutennett/skiløyper - enkelte, men få turistbedrifter - mye brukte områder eller har potensiale for økt bruk

Område	Kommuner	Beskrivelse
Dovrefjell	Dovre, Lesja	Større fjellområde, delvis nasjonalpark/foreslått utvidelse av nasjonalpark, landskapsvernområde
Rondane	Dovre, Sel, N-Fron, S-Fron	Større fjellområde, delvis nasjonalpark/foreslått utvidelse av nasjonalpark, landskapsvernområde
Breheimen	Skjåk, Lom	Større bre- og fjellområde, delvis foreslått som nasjonalpark/landskapsvern-område i tilknytning til Jostedalsbreen nasjonalpark
Jotunheimen	Lom, Vågå, Vang, Øystre Slidre	Større alpint fjellområde, delvis nasjonalpark
Nordmarka	Jevnaker og Lunner	Større by- og tettstedsnært skogområde

Mot Snehetta på Dovre. [Sterre bilde](#). Foto: H. Klæbo

[Utskriftsvennlig versjon](#)

Miljøforvaltningen

Ved Torfinnstind og Bygdin i Vang. [Sterre bilde](#). Foto: H. Klæbo

**Figur 8 Miljøstatus Oppland**

I Oppland sin del av Breheimen – Mørkrisdalen er det gjort meir geografisk presise verdivurderingar av friluftslivet for *delar* av utgreiingsområdet.

Norsk institutt for Naturforskning har utarbeidd ein rapport på oppdrag for Fylkesmannen i Oppland, som kartlegg verneverdiar i Ostrivassdraget (Østdahl 2003). Som ein del av dette arbeidet er det også gjort vurderingar av friluftslivsverdiane i området. Verdivurderingane er gjort med bakgrunn i fire hovudkriterium; ”urørthet”, ”opplevelse”, ”egnethet” og ”dagens bruk.” I tillegg er det nytta to støttekriterium; ”tilgjengelighet” og ”natur og kulturkvaliteter.” I det kartlagde området – Ostrivassdraget – er det fire område som blinkar seg ut som viktige med tanke på friluftsliv. Desse er oppsumert i *Tabell 12*.

**Tabell 12** Friluftslivsverdiar i Ostrivassdraget

Namn delområde	Grad
Liavatn med Sotaseter	Nasjonalt viktig verdi
Sota seter - Mysubytdalen - Syrbytdalen	Nasjonalt viktig verdi
Tundradalen og fjellområdet mellom Tundra og Ostri	Regionalt viktig verdi
Fjellområda ved Sekken - Søverhøi	Regionalt viktig verdi

I ein annan NINA-rapport frå 1993 er det gjort ei vurdering av friluftsliv i Øvre Otta (Erikstad 1993: 79). Delar av dette området er innanfor utgreiingsområdet. I denne rapporten gjer ein følgjande vurdering av området: ”Området har stor regional og lokal betydning for ulike former for rekreasjon. Området har også betydning i nasjonal sammenheng, som et større, relativt urørt fjellområde. Den nasjonale betydningen av området for rekreasjon vil bli forsterket dersom Reinheimen nasjonalpark vedtas opprettet.” Erikstad m.fl. 1993: 79).

I tillegg til desse to rapportane frå NINA, har NVE utarbeida ein rapport som vurderer vassdrag i utgreiingsområdet i høve til ”egnethet for ulike friluftslivsaktiviteter” (Kroken 1992). Denne rapporten er utarbeida i samband med Verneplan IV for vassdrag. Vassdraga som er undersøkt vart kategorisert i fire nivå; svært stor verdi for friluftslivet, stor verdi for friluftslivet, middels stor verdi for friluftslivet og liten verdi for friluftslivet. For utgreiingsområdet er det sentralt å merke seg at tre vassdrag - Ostri m /Tundra, Skjøli og Bøvri - er vurdert til å vere i kategorien *svært stor verdi for friluftslivet*.

Som vi har sett finst altså nokre verdivurdering og rangeringar av delområde innanfor Breheimen – Mørkrisdalen. Diverre finst det ikkje ein samanfatta, rangert og direkte samanliknbar oversikt over området *som heilskap*. Oversyna vi har presentert til no kan likevel gje eit første inntak til ei vurdering av ulike område.

## 5. Lokale aktørar sitt syn på reiselivsutvikling



Stidele ved Osen. Foto: Tom Dybwad

I dette kapittelet skal vi undersøke kva lokale aktørar meiner om reiselivsutvikling i det aktuelle området. For å gje eit svar på dette har vi teke føre oss kommunale og fylkeskommunale plandokument. Her har vi fokusert på vurderingar omkring reiseliv og friluftsliv. Den følgjande framstillinga er disponert slik at vi delvis siterer frå dokumenta og delvis oppsummerar innhaldet. I tillegg til desse offentlege kjeldene har vi intervjua kommunalt tilsette som arbeider med desse fagområda, samt ein representant for Jotunheimen Reiseliv.

### *Skjåk kommune*

I *Næringsplan* for Skjåk (2001-02) gjer kommunen ei vurderinga av potensialet for reiseliv lokalt. Denne vurderinga knyter seg til Skjåk si geografiske plassering, og viser til at Skjåk ligg sentralt i høve til ein tradisjonell turistinfrastruktur:

”Vi ligg på den ruta som er mest køyrt av utanlandske og norske turistar i landet. Det fortel at marknaden ser store verdiar i vår natur”.

I næringsplanen vert det òg vist til at hytter har store ringverknader for lokalt næringsliv, og bør bli prioritert høgare som eige tiltak. Konkret planlegging av slike felt vert gjort av Skjåk Almenning.

Ei av målsettingane i næringsplanen er å stimulere til auka seterdrift gjennom utleige av husvære. Setrane i Skjåk ligg utanfor utgreiingsområdet, men nokre ligg nær grensa. Næringsplanen diskuterer òg ytterlegare tiltak for bruk av utmarksressursar. Det heiter mellom anna at:

Det ligg eit potensiale i vidare nytting av utmarksressursane, sjølv om t.d. Skjåk Almenning har klart å utvikle gode og godt betalte produkt i dag. Det er viktig å sjå på ei vidare utvikling av eksisterande verksemder som elvesport og riding i kontrollerte former. Nye utmarksprodukt som kan vere aktuelle er organisert tjærebrenning (kurs), gjestejegerar i elg/hjortejakt, opplegg med guida bærplukking og differensiert utelege av allmenningshytter vurdert opp imot eventuelle skader og forstyrring m.m.

I *Utmarksplan* for Skjåk (1999) blir hyttebygging diskutert. Her heiter det at eventuelle hyttefelt skal leggast ned mot bygda, og det skal vurderast fortetting av eksisterande felt. Det er forbod mot hyttebygging i snaufjellet.

Dokumentet ”*Naturovervåking Skjåk kommune*” gjev interessante perspektiv på friluftsliv i Skjåk. Dette er eit dokument som er utgitt av Skjåk kommune og tilgjengeleg blant anna på Skjåk kommune sine heimesider (<http://www.skjaak.kommune.no>). Siktemålet med dokumentet er at det skal vere ein ”reiskap for å skaffe oversikt gjennom ein årleg status over tilgjengelege registrerte påverknader på utmark [...] vise stoda, og korleis vi som bur her oppfattar det, gjennom og etter, eit kalenderår.”

I dokumentet står følgjande under kapitlet om friluftsliv med referanse til Breheimen (2003, s 34):

”Hovedargumentasjonen frå lokal forvaltning er å la området vere som det er, ta vare på villreinstamma gjennom liten tilrettelegging og publisitet, altså ikkje offentleg vern”.

Bjørn Dalen, kontaktperson i *miljø- og næringsetaten* i Skjåk kommune, seier at reiselivet betyr relativt lite i Skjåk kommune. Det er nokre få aktørar som driv seriøst. Nokre fleire driv reiselivsverksemder ved sida av anna næring, men dei fleste av desse gjer lite ut av reiselivsbiten. Difor er det vanskeleg å få til samarbeid og samla strategiar. Vidare fortel han at kommunen ikkje ynskjer auka turisme i fjellet, fordi ein vil unngå konflikt med villrein. Dei ynskjer ikkje trafikk i Tundradalen og Mårådalen som er kjerneområde for rein. Eventuell auka turisme ynskjer ein å kanalisere til området ved Grotli og frå Sota inn Mysubytdalen. DNT sitt rutenett er så langt vest at det i liten grad kjem i konflikt med villrein.

#### *Lom kommune*

Etter ein gjennomgang av kommuneplanar, heimesider og anna materiell frå Lom kommune, framstår natur, kultur og friluftsliv som tre sentrale omgrep i (profileringa av) kommunen. Gjeldande kommuneplan frå 1995 kan tene som døme. Denne bygger på visjonen frå det såkalla profilingsvedtaket for Lom. Kommunen blir her skildra som eit ”nasjonalt senter for natur og kultur.” På heimsida til kommunen heiter det også at ”natur og kulturmiljøet er framtrekt som det viktigaste grunnlaget for utvikling av bygda.”

I følgje *kommunedelplan for næringsutvikling* (2003-2005) er 12 prosent av arbeidstakarane i Lom sysselsette i reiseliv og varehandel. I tillegg kjem reiseliv i kombinasjon med jordbruk. Dette kombinasjonforholdet blir framheva også på heimesidene til kommunen. Her står det mellom anna at:

”Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små

gardane. Gardsturisme nytt satsingsområde – nokre driv overnatningsverksemder – andre satsar på ny bruk av setrene”.

Reiselivsnæringa, saman med anna tenesteytande næring knytt til reiselivet, står for ein årleg omsetnad på om lag 125 mill. kroner. I *kommunedelplan for næringsutvikling* er det òg ei vurdering av Lom sine reiselivsmuligheter og -visjonar:

”Heile Lom er å sjå på som eit reiselivsprudukt med aktivitetar og opplevingar tufta på eigenarta natur- og kulturverdiar”.

Når planen kjem til målsetningar og handlingsprogram for reiseliv er det likevel ikkje eit særskilt fokus på fjell og natur. Det mest vesentlege synest å vere ein omtale av arbeid med skilting av naturstiar, og då avgrensa til å vere i nærhet til bygda. Elles omhandlar planen hovudsakleg service og kulturtilbod.

Kari Sveen (*fagansvarleg for miljø i Lom kommune*) seier at Breheimen-Mørkrisdalen er eit villmarksområde med lite tilrettelegging, og at området vert brukt av folk som ordnar seg sjølve og har lite kontakt med reislivsbedrifter. Det er eit fint område for fiske og småviltjakt. Truleg har det eit potensiale som turisthyttene ikkje er bevisst å utnytte. Vidare seier ho og at kommunen ønskjer å prioritere Jotunheimen i marknadsføring og tilretteleggast for turisme, som ein brukspark.

Lars Bakkom (*Jotunheimen Reiseliv*) fortel at mange reiselivsbedrifter tidlegare var skeptisk til vern, men no er haldninga i stor grad endra. Han meiner at alt som er verna og vert teke vare på er bra, men nasjonalparkane må kunne brukast. Det trengst tilrettelegging i ei randsone. Folk ynskjer korte, lette turar på godt merka stiar. Dette er mest aktuelt i Jotunheimen og truleg ut frå Sota. Vidare seier han at det er viktig med god skilting og informasjon. Jotunheimen Reiseliv ynskjer å lage ”Car Walks”, det vil seie korte turar som kan gåast i låge sko og ikkje krev særlege førebuingar. Dei vil difor gjerne merke stiar litt inn i nasjonalpark og kunne sette opp skilt. Han seier folk i dag er mindre interessert i dei lange turane som stinettet i Breheimen - Mørkrisdalen legg opp til.

For Lom kommune sin del har det også vore satsa på såkalla ”nasjonale turistvegar.” Dette er eit prosjekt i regi av Statens Vegvesen og involverte kommunar. Fram til 2015 skal etter planen 18 vegstrekningar få status som nasjonale turistvegar, noko som utgjer 1850 kilometer. Så langt kan fire strekningar kalla seg nasjonale turistvegar. Ein av desse går gjennom Lom (Sognefjellsvegen (rv55)) og ein anna gjennom Skjåk (Gamle Strynefjellsvegen (rv 258)). I samband med den nye statusen til desse vegane er det utvikla fleire nye stoppestader for rast og kvile, samt fotopunkt og parkeringsplassar, slik at turistar kan setje frå seg bilen og ta ein fottur (”carwalk”). I samband med Sognefjellsvegen er det òg etablert eit kommunalt samarbeidsprosjekt mellom Lom og Luster med oppstart våren 2005. Dette prosjektet tek sikte på næringsutvikling i tilknyting til den nasjonale turistvegen over Sognefjellet. Særleg to aspekt er i fokus her; det eine er knytt til ”natur- og kulturbasert aktivitetsturisme,” og det andre er utvikling av ei matrute (mattrail) langs den Nasjonale Turistvegen. Den såkalla ”Vardevegen” er òg eit delprosjekt i dette. Vardevegen på Sognefjellet vart opna av samferdselsministeren i august 2006, og håpet er

at vandringsvegen langs den gamle ferdelsåra mellom aust og vest skal bli ein ny turistattraksjon. Traseen til Vardevegen går mellom Turtagrø og Krossbu.

#### *Luster kommune*

Luster kommune sin *kommuneplan 1998-2007* er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider (<http://www.luster.kommune.no/sogn/luster/lusterk.nsf>). I planen står det kort om reiseliv:

”Tenesteyting er den delen av næringslivet som er mest i vekst på nasjonalt nivå. Reiselivet har opplevd to-tre år med stagnasjon og litt tilbakegang. Det er likevel potensiale til vidare utvikling. Lengre sesongar og dermed betre utnytting av nedlagde investeringar må vera eit mål. Arbeidet i marknaden er sentralt”.

Sjølv om kommuneplanens vurdering av reiseliv tilsynelatande er tynn, betyr ikkje dette at reiseliv og turisme *ikkje* er sentralt for Luster kommune. Eit blikk på heimesidene til kommunen antydar dette. Her heiter det mellom anna:

”For natur- og kulturinteresserte er Luster eit eldorado. Reiselivet er difor vorte ei viktig næring, med godt utbygde hotell, gjestehimar, pensjonat, campinganlegg og hytteutleige. Reiseliv er ei viktig næring i kommunen slik at vi i dag har 6 hotell, 11 campinganlegg, fleire anlegg for hytteutleige, gjestehimar og pensjonat. Kommunen vert årleg vitja av hundretusenvis av turistar, der Tyskland, Nederland og Noreg representerer den viktigaste marknaden”.<sup>8</sup>

I tillegg til kommuneplanen og heimesidene er det òg nokre vurderingar i *kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet* som er interessant i denne samanhengen. Her det sett opp nokre prioriteringar for friluftsliv, som mellom anna er:

1. Tilrettelegging av innfallsportane til dei store friluftsområda i kommunen ved å byggja ut parkeringsplassar ved dei mest nytta turutgangspunkta.
2. Oppsetjing og vedlikehald av informasjonstavler på desse parkeringsplassane.
3. Merking og rydding av løyper og stiar for både sommar og vinterbruk.
4. Informasjon om jakt og fisketilbod samt sal av jaktkort og felles fiskekort.

Olav Grov (*næringsssjef og sekretær for Luster reiselivslag*) seier det er vanskeleg å kvantifisere kor viktig Breheimen – Mørkrisdalen er for reiselivet i Luster. Det er viktig som ein del av den heilskapen Luster marknadsførar. Han trur ei meir aktiv marknadsføring av DNT sitt rutenett i Breheimen-Mørkrisdalen kunne ha vore positivt for reiselivet i Luster, men har ikkje inntrykk av at DNT vil gjere det. Ei vegenmnd i kommunen arbeider med Hanspikvegen. Grov trur eit slikt vegprosjekt vil vere positivt

---

<sup>8</sup> [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no)

for reiselivet i Luster. Grov har inga mening om kva vern vil ha å seie for reiselivet. Det har ikkje vore teke opp og diskutert i reiselivet i Luster enno.

Christian Hillman, *naturforvaltar i Luster kommune*, opplyser at stemninga i kommunen har vore delt i høve til spørsmål om vern og reiselivsutvikling. Han antydar vidare at dei områda som tradisjonelt har vore mest orienterte mot turisme og reiselivsutvikling også er dei områda der ein er mest positive til vern av Breheimen – Mørkrisdalen. Her blir til dømes Jostedalen nemnt som eksempel. Ei forklaring er at det då kan vere lettare å promotere og lokke turistar gjennom nasjonalparkprofiling. Andre i lokalitetar i utgreiingsområdet – som har meir tradisjonell næringsstruktur med jordbruk som viktig næringsveg – har verre for å akseptere vern, på grunn av at ein vurderer mulighetene for tradisjonell drift og utvikling som mindre ved vern.

#### *Fylkesplanar*

Til no har vi kort sett på korleis dei tre kommunane i utgreiingsområdet vurderer reiselivsutviklinga i Breheimen - Mørkrisdalen og tilgrensande område. I dei neste avsnitta skal vi kort sitere frå fylkeskommunale planar om reiseliv og friluftsliv. Som vi skal sjå skil ikkje dette seg vesentleg frå det synet vi finn på kommunenivået.

Fylkesplanen i Sogn og Fjordane - *Vegen vidare for Sogn og Fjordane* - presenterer den regionale strategien for fylket. Dokumentet vart vedteke av fylkestinget i juni 2004. Viktigast i denne samanhengen er planen sin omtale av reiseliv. Her blir det i stor grad understreka at det er eit klassisk og historisk samband mellom reiselivsnæringa og jordbruksproduksjonen i fylket. Det blir vidare vist til at det er auka interesse for kombinasjonar innan matproduksjon, kultur, natur, oppleveling og reiseliv.

Planen diskuterer også bruk og vern. Her ser ein òg føre seg ei auka tilrettelegging i verna område: "reiselivet er i dag den næringa som i størst grad spelar på naturopplevelingar og dreg nytte av verneområda, men her er det rom for auka innsats. Betre informasjon i og om verneområda er eit verkemiddel, samt auka fokus i marknadsføringa og tilrettelegging i tilknyting til områda (Vegen vidare for Sogn og Fjordane: 17). Fylkesplanen opnar såleis for å intensivere næringsutviklinga i verneområda. Spesielt gjeld dette i samband med reiselivsprodukt.

Fylkesdelplanen for arealbruk i Sogn og Fjordane (1997-2002) inneholder kart over viktige friluftslivsområde i Sogn og Fjordane. Her er Breheimen – Mørkrisdalen blinka ut som eit nasjonalt viktig område for friluftsliv. Dette samsvarar òg med oversikten i *miljøstatus i Sogn og Fjordane* som er utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning. Her vert bruksverdien til Breheimen - Mørkrisdalen vurdert til å vere nasjonalt viktig. Om Mørkrisdalen heiter det mellom anna at "Området er ein del av Breheimen og inneholder alt ein fjellvandrar søker i vestlandsnaturen: Ein dal med mektig natur, fossar, Åsetvatnet med godt fiske, store brear på to kantar; Spørteggbreen i vest og Harbardsbreen aust, turisthyttene Arentzbu og Fast og fleire stølar."

Fylkesplanen i Oppland – *Mulighetenes Oppland* – vart vedteke av fylkestinget i desember 2004. Synet på reiselivsutvikling er i mange samanhengarsamanfallande med det som blir understreka som viktig i Sogn

og Fjordane. Særleg gjeld dette koplinga mellom jordbruk og reiseliv. I fylkesplanen for Oppland heiter det mellom anna at ”en sterkere kopling mellom reiseliv og landbruk blir viktig for å møte de utfordringer og krav til omstilling som næringen står overfor” (Mulighetenes Oppland: 11). Her blir det likevel presisert at kommersialisering av opplevingsprodukt i reiselivet ikkje må skje på bekostning av internasjonale forpliktingar i forhold til villrein og inngrepssfrie områder.

I fylkesplanen blir det også fleire stadar gjort eit poeng av at Oppland er eit av Noregs største reiselivs- og hyttefylke. I denne samanhengen blir det og poengtert nokre viktige utfordringar som på same tid er aktuelle i forhold til utgreiinga for Breheimen – Mørkrisdalen:

”Bruk og vern av naturområdene er spesielt aktuelt i forbindelse med turisme og reiseliv. Opplevelser knyttet til natur- og kulturlandskap er en stor del av grunnlaget for turismen. Det er viktig at bruken skjer på en balansert måte slik at disse verdiene ikkje forringes. Konsentrasjon av inngrep bør skje der det allerede er foretatt utbygging. Balanse mellom gamle og nye nærlenger er også en del av dette bildet (landbruk – turisme) (Mulighetenes Oppland: 27).

Slik ser vi at fylkesplanen for Oppland freistar å ivareta ein balanse mellom bruk og vern, og at det i plandokumentet blir lagt vinn på å unngå fysiske inngrep i naturområde som ikkje allereie er utbygde.

### *Andre aktørar*

Vi har intervjuat representantar for 25 verksemder og organisasjonar i dei tre kommunane som direkte eller indirekte arbeider med reiseliv og reiselivsutvikling. Verksemndene er plukka ut av tilsette i kommunane. Dei har plukka ut verksemder dei meinte problemstillinga er aktuell for, ved at dei ligg nær eller har tilknyting til området og difor truleg har tankar om reiseliv og/eller friluftsliv. I tillegg har vi plukka ut nokre fleire etter opplysningar og tips frå dei vi har intervjuat.

Dei fleste vi har intervjuat *veit lite om kva eit vern inneber*. For mange framstår til dømes skilnaden mellom nasjonalpark og landskapsvernområde som uklårt. Det verka som dei fleste hadde ei forståing av at restriksjonane ved dei to vernekategoriane var ganske like; medan éin informant meinte å ha forstått at restriksjonane var *størst* i eit landskapsvernområde.

Nokre trur ikkje eit vern ville ha noko å seie for turismen. Dei trur turistane kjem for naturen, og viste til at naturen er den same om han er verna eller ikkje. Andre trur ein nasjonalpark ville trekke til seg meir folk. Ei av dei vi intervjuat viste til erfaring frå Femundsmarka, der ho hadde jobba.

I Lom var det nokre som meinte at det var eit marknadsføringspoeng at ein lokalt no ville bli omkransa av nasjonalparkar. Ein annan informant peikte på marknadsføringspoenget som låg i det faktum at ein på Eggjapiken (som er ganske lett tilgjengeleg, fremst på Lomseggje) vil kunne sjå fem nasjonalparkar om Reinheimen og Breheimen – Mørkrisdalen òg vert verna.

Nasjonalparkriket sin ide er å marknadsføre mange nasjonalparkar på éin stad, og gjere desse til eit trekkplaster for turistar og utvikle næringsliv rundt og mellom nasjonalparkane. Fleire av dei vi intervjuat viste til utlandet og

ville ha bygder og vegar inn i nasjonalparken. Samstundes ønska dei større moglegheit til å bruke området og legge til rette for turistar i nasjonalparkane.

Mange meiner det er bra for reiselivet om vern fører til at det vert meir informasjon og tilrettelegging ved innfallsportar til verneområdet. Berre *ein* av dei vi snakka med var klart *mot* vern.

I Skjåk verkar det som ein kraftig skepsis /motstand til nasjonalparkar har vorte snudd gjennom arbeidet som er gjort med Reinheimen. Det verkar som dei ser at eit vern ikkje har så mykje å seie for bruken av fjellet, men at det vert stimulert til næringsutvikling i bygda - særleg gjennom prosjektet Nasjonalparkriket.

## 6. Framtidig friluftsliv- og reiselivsrelatert bruk av området



Tundradalsbandet mot Holåtindane. Foto: Jørn Karlsen

### 5.1 Eksisterande planar

Det finst nokre planer for ny aktivitet og utviding av eksisterande verksemder i utgreiingsområdet. Desse vert kort omtalt i dette delkapitlet.

Selskapet Stryn Glacier Mountain AS har laga planer for eit stort *skianlegg på Raudeggje*, mellom Mårådalen og Gamle Strynefjellsvegen. Planane er lagt fram for Skjåk kommune for konsekvensutgreiing. Ei realisering av det planlagde anlegget grip direkte inn i utgreiingsområdet, sjølv om anlegget som ligg der i dag er utanfor utgreiingsområdet.

I Skjåk har det vore planar om *hyttefelt i området kring Grotli, Måsåbakkan, og Heimdalen*.

For å få meir forteneste ut av jaktrettane sine har Skjåk Allmenning planer om å bruke nokre av fellingsløyva på villrein i eit meir *tilrettelagd jaktopplegg*, eventuelt med guiding og anna service. Buene i fjellet som kan brukast til overnatting i samband med jakt skal framleis ha enkel standard. Allmenningen vil vere sikker på at dei har gode nok guidar og eit godt opplegg før dei marknadsfører det. Mogleg start i 2006.

Eigaren av Nissegården i Lom opna sommaren 2006 ein *"klatrestig"* opp mot fremste delen av Lomseggje. Dette er ei bratt oppstigning, der det er lagt ut tau/sikringar, og løypa blir forsert ved hjelp av sikringsutstyr utleidt på Nissegarden.

Ved *hyttefelt ved Bøvertjønn* er det reguleringsplan under arbeid for ei utviding med 6 -8 hytter. I tillegg er det planlagt eit *hyttefelt i Leirlia*, der det er mogleg å regulere for 20-25 hytter i framtida. Innspel frå grunneigar om utviding til 60 hytter av høgare standard er no under utgreiing.

Eit prosjekt om etablering av *Skianlegg i Bøverdalen* er presentert Lom kommunestyre. Prosjektideen er å utvikle ein vintersportdestinasjon i Bøverdalen med to gondolbaner frå Galdesand. Den eine skiheisen - til Storhøe - vil gå inn i utgreiingsområdet. Projektet er på planleggingsstadiet, men er likevel omfattande; prosjektideen, slik denne er presentert, har estimerte kostnader på 1.5 milliardar.

DNT ynskjer å byggje *hytte ved Illvatnet*. Det vil dele opp turen mellom Sota og Nørstedalseter og gjere Breheimen – Mørkrisdalen meir attraktiv for folk som ikkje vil gå så lange turar. Dei har vore i kontakt med Fylkesmann i Sogn og Fjordane, og vart anbefalt å vente med å sende søknad på grunn av verneplanen for Breheimen - Mørkrisdalen.

*Skjolden grunneigarlag* vil ikkje seie noko om kva planer dei har i Mørkrisdalen. Det vil dei presentere direkte til Fylkesmannen.

*Hyttefelt ved Osen* er regulert til 40 hytter.

*Tunnel gjennom Sognefjellet*. I uttale til Nasjonal Transportplan oppmodar Luster kommune om at Statens vegvesen må jobba framtidssretta med stamvegalternativ gjennom Luster (Sogn Avis 16.04.05). Det vil da i følgje formannskapet vere mest realistisk med ein tunnel frå Svensøy i Fortunsdalen til Høydalseter i Lom. Vi har ikkje grunnlag for å vurdere kor realistisk dette prosjektet er. Delar av reiselivet i Luster vil arbeide for veg over Hanspiken, men også her har vi ikkje grunnlag for å vurdere realismen i dette tiltaket.

*Hanspikvegen*. Ei vgnemnd i Luster kommune arbeider for å få til veg mellom Styggevatnet og Sota, over Hanspiken. Dei har presentert planer for kommunestyret i Skjåk, men Skjåk kommune har vore avvisande til forslaget. Delar av reiselivet i Luster ynskjer veg, andre ikkje.

Det er ønske om *skilting og merking av stiar i randsona* til eit eventuelt verneområde. I Skjåk Almenning vert det truleg ei form for jaktguiding i løpet av dei nærmaste åra. Det vil bli arbeidd vidare med planane om skiheis på Raudeggje.

*Cruise-kai i Skjolden*. Det ligg føre planar om etablering av cruise-kai i Skjolden. Kaianlegget grip ikkje direkte inn i utgreiingsområdet, men auka trafikk og turistar i området vil få konsekvensar for utgreiingsområdet – spesielt i Mørkrisdalen. Selskapet Skjolden Aktiv arbeider med planane, og har ei sentral rolle i arbeidet med å sy saman eit aktivitetstilbod for cruiseturistar. I tillegg ser Skjolden Aktiv på om det er mulig å få til helikopterturistflyging eller gondolbane til Bolstadnosi fra Skjolden.

Samla sett er det grunnlag for å påpeike at det er *lite* planar for friluftsliv- og reiselivsrelatert aktivitet som grip *direkte* inn i utgreiingsområdet for Breheimen - Mørkrisdalen. Det som likevel syner seg som dei mest omfattande planane med omsyn til konsekvensar for Breheimen – Mørkrisdalen er skianlegg i Bøverdalen og cruise-kai i Skjolden. Av desse er to vurderer vi vidare cruise-kai planane som mest realistiske på grunn av

konkrete løyvingar. Fylkesutvalet har til dømes tilrådd eit tilskot på 10,5 millionar kroner til utbygging i Skjolden.

## 5.2 Synspunkt på framtidig bruk

Når ein skal prøve å få synspunkt på framtidig bruk, utover det som kjem fram gjennom konkrete planar, varierer det kor mykje folk vil svare. Nokre har klare meininger, dels fordi dei har jobba med spørsmålet om bruk og vern i området, medan andre er svært vase eller har ikkje tenkt over spørsmålet. Vi vil her prøve å gje ein oversikt over signal og tankar som er kome fram i intervjuet våre. Innspela er oppfatta og tolka med fare for misforståing. Det er få som er intervjuet, så ein kan ikkje seie at synspunkta er representative for folk i bygdene rundt Breheimen - Mørkrisdalen. Synspunkta er likevel representative for aktørar som i dag er aktive i høve til friluftsliv og reiseliv i det aktuelle området.

Dei vi har intervjuet i *Skjåk* og *Lom* gjev uttrykk for at Breheimen - Mørkrisdalen også i framtida bør vere eit *lite rørt fjellområde*, ei "villmark" for jakt og fiske - eventuelt med noko jakt- og fiskeguiding. I tillegg er fjellområdet bakgrunnskulisse for turismen i bygda. I *Skjåk* ynskjer dei *ikkje* fleire turistar inn i fjellet, men ser gjerne næringsverksemd i bygda med fjella som trekplaster og bakgrunn. *Skjåk* kommune ønskjer å satse på randsonene der dette egnar seg, og dette kan da inkludere deler av utgreiingsområdet. Det kan då vere behov for noko tilrettelegging i randsona.

I *Lom* er det *Jotunheimen* som trekkjer mykje turistar, og slik vil dei at det skal vere også i framtida.

I *Bøverdalen* ser dei auka attgroing og dermed ei redusering av landskapsopplevelinga i området. Ein vonar at eit vern kan gje midlar til skjøtselstiltak som kan halde dei gamle sæter- og beiteområda opne.

Spørsmålet om "nasjonalparklandsby" interesserer fleire av informantane i Lom og Skjåk. Direktoratet for naturforvaltning har initiert eit prosjekt som har som mål å etablere såkalla "Nasjonalparklandsbyar" ulike stadar i Noreg. Fossbergom i Lom, rett på utsida av utgreiingsområdet, er peikt ut som ein aktuell slik nasjonalparklandsby. Lom deltek i eit pilotprosjekt for å skaffe erfaringar med eit slikt konsept. Prosjektet har ei rekke deltakrar; Fylkesmannen i Oppland, Oppland fylkeskommune, Riksantikvaren, Lom kommune, Direktoratet for naturforvaltning, Utmarks kommunananes landssamanslutning og Nasjonalparkriket. Pilotprosjektet skal i første omgang skaffe kunnskap om kva krav ein skal stille til nasjonalparklandsbyar, og kva juridiske og administrative innrammingar ein slik nasjonalparklandsby kan ha.

I *Luster* verkar det som ein del ynskjer auke i turismen, gjerne med utgangspunkt i DNT sin aktivitet i Breheimen - Mørkrisdalen. Andre igjen vil ha minst mogleg folk i området, så dyrelivet får fred. *Luster Austre Statsallmenning* har klart syn om at det *ikkje* skal byggast hytter i allmenningen.

*Skjolden* grunneigarlag vil ikkje seie om dei har planer eller tankar for Mørkrisdalen. Fleire poengterer at det vert færre som driv aktivt jordbruk, og dermed mindre beitedyr, med dei følgjer det har (Mørkrisdalen og

Fortunsdalen). For å halde landskapet ope og tilgjengeleg for folk i bygdene og turistar, trengst det skjøtselstiltak etter kvart som attgroinga aukar. Ingen hadde noko konkrete tiltak i høve til det - bortsett frå at landbruket må få betre vilkår - men fleire av våre informantar vona at eit vern kanskje ville føre med seg midlar til slike tiltak.

Dei fleste turistbedriftene vi har intervjua er ganske likegyldige i synet på vern eller ikkje av Breheimen - Mørkrisdalen, dei trur vern har lite å seie for deira verksemد. Dei seier fjella er grunnen til at turistane kjem, verna eller ikkje verna. Vidare blir det poengtatt at ein god dialog mellom forvaltningsinstansar og profesjonelle brukarar er viktig ved eit eventuelt vern.

Andre ynskjer å legge større område inn i ein nasjonalpark. Konkret vart det gjort framlegg om å ta inn heile Jostedalen og Sognefjellsvegen. Ved å ta inn område som er teknisk utbygd i dag, meinte dei same informantane at det kunne bli enklare å få til ny næringsverksemد i verneområdet. Dei same informantane viste til erfaringar frå nasjonalparkar i utlandet.

Fleire aktivitetsbedrifter har tilbod i Breheimen - Mørkrisdalen, men etterspurnaden er liten. Det verka ikkje som dei vil bruke mykje krefter på å marknadsføre tilboden sitt i Breheimen - Mørkrisdalen, i og med at dei har hovuddelen av sin aktivitet i Jotunheimen og Jostedalsbreen. Jotunheimen og Jostedalsbreen er så kjent, og trekker så godt på turistane at dei fleste bedriftene konsentrerer seg mot desse områda. Trass i dette må vi likevel kunne karakterisere aktivitetstilboden i området som mangfaldig. Vi finn til dømes både, ski, bresport, fjellklatring, riding, kajakk og rafting. Som eit døme på aktivitetsbedriftene i området sitt syn på eventuell vernestatus for Breheimen – Mørkrisdalen, kan vi trekke fram Norgesguidene si holdning. Dei skriv;

"Fyrst og fremst er det viktig å få med at Norgesguidene ser positivt på vern av Norsk natur. Likevel er det viktig for oss som driv med turisme at vernet ikkje legg så store restriksjonar på tradisjonell bruk av området at Breheimen vert liggande som eit "daudt" område. Breheimen-området har tradisjonelt sett hatt ei svært aktiv stølsdrift, og det går framleis mykje beitedyr i området. Det er minst like viktig for oss som for bøndene at det vert lagt tilrette for at denne drifta kan fortsette. Ein stor del av området vil fort miste sitt sær preg viss ikkje tradisjonell drift vert haldt i hevd. (Eg tenkjer er spesielt på attgroing, stiar som ikkje vert gått vil forsvinne, og stølar som evt. ikkje vert vedlikeheldne.) For oss som driv med turisme håpar me at ein evt. nasjonalpark vil rette fokuset mot området og gje større merksemد til våre aktivitetar. Det er jo eit paradoks at vern ofte fører til auka turisme, men slik som me ser det har Breheimen kapasitet til å handtere mykje meir folk utan at det vil føre til slitasje på området" (Jostein Aasen – Norgesguidene, e-post)

Fleire informantar legg vekt på at det er ein trend at folk som ferdast i fjellet vil ha kortare turar og betre tilrettelegging. Ei slik oppfatning kan òg støttast av forsking på dette området. I ein rapport utarbeida av Din Tur AS, på oppdrag for Norges Bondelag og Norges skogeigerforbund, kjem det fram at potensialet for spenningsferie (adventure travel) er stort i Noreg. Særleg gjeld dette "mjuke" aktivitetar;

”Aktiviteten som skaper det største segmentet for det europeiske markedet for spenningsreiser er *vandring* på alle nivå både innen myk spenning og tøff spenning kategoriene. I Europa, hvor myk spenning dominerer og vandring er en sentral aktivitet, er vandrermarkedet et område som kan fortsette å trekke turister til spenningsferie” (Din Tur AS 2005: 13, opphaveleg utheving).

At mjuke og meir tilrettelagte aktivitetar er ein trend blir og støtta av Irene Siljan, bedriftsrådgjevar i Kaizen AS<sup>9</sup>. Siljan legg i si vurdering av potensialet for naturbasert reiseliv i Nord-Gudbrandsdalen vekt på at det må utviklast mjuke spenningsferie-tilbod, heller enn harde. Denne konklusjonen bygger på ein gjennomgang av ei rekke ulike internasjonale fagrapportar. Vidare peiker ho på at ein i Noreg generelt i stor grad marknadsfører naturbaserte reiselivsaktivitetar som blir oppfatta som *for ekstreme* for mange utanlandske turistar. Tilrettelagte stiar og carwalks kan bøte på dette. Denne tendensen stemmer òg med funn i Transportøkonomisk institutt si ”Gjesteundersøking” (Haukeland 2006). Her kjem det fram at utanlandske turistar oppfattar vandring utanfor oppmerka turstiar som uinteressant, fordi det blir for ”ekstremt.”

I Breheimen – Mørkrisdalen er dei fleste turane lange. DNT ynskjer difor å bygge ei hytte ved Illvatnet for å dele opp ruta mellom Sota og Nørstedalseter slik at Breheimen - Mørkrisdalen vert tilgjengeleg for fleire fotturistar, også dei som ikkje søker ”ekstreme” og ”harde” opplevelingar. DNT har likevel ikkje planar om å marknadsføre Breheimen – Mørkrisdalen spesielt.

Informantane seier òg at det ein tendens til folk vil gå korte turar i randsona av fjellområda, turar som er godt merka og krev lite, og med god skilting. Nokre av informantane trur at for mange turistar er det eit mål å gå til grensa på ein nasjonalpark, og ta eit bilde av seg ved grensemerket.

---

<sup>9</sup> Synspunkt lagt fram i foredrag på Lomskonferansen 2006. Foredraget hadde tittelen ”Tilbyr Nasjonalparkriket det våre utanlandske gjester ynskjer seg av naturbaserte aktivitetar? Tрендar og potensiale.”

## 7. Drøfting



Nordstedsæter turisthytte. Foto: Tom Dybwad

Ein del av oppdraget som blir dokumentert i denne rapporten er å vurdere *føresetnadene* for utvikling av naturbasert reiseliv i Breheimen - Mørkrisdalen. Til no i rapporten har vi i hovudsak fokusert på nosituasjonen i området, samt dei konkrete utviklingsplanane som aktuelle aktørar har lagt fram for oss. Avslutningsvis vil vi derfor vurdere korleis *ytre rammer og føresetnader* kan legge føringar for utviklinga av reiselivet i området. Denne vurderinga vil basere seg på to trendar. Det første knyter seg til dei signala som ligg i Fjellteksten - St.prp.nr 65 (2002-2003)- blant anna med tanke på kommersialisering av nasjonalparkar. Det andre dreier seg om det synet på reiselivsutvikling som kjem til uttrykk i Innovasjon Norge si understrekning og poengtering av geoturisme som leiande prinsipp. Til slutt vil vi vise korleis desse to ytre rammene – fjellteksten og geoturisme – tek form og blir forhandla lokalt i Breheimen - Mørkrisdalen. Dette skjer gjennom ein diskusjon av cruise-kai planane i Skjolden, og dei lokale kontroversane som blir knytt til dette. Mellom anna skal vi sjå korleis reiselivsbedrifter i Jostedalen har eit spenningsfylt handlingsrom mellom *volum* og *kvalitet*.

### 7.1 Bruk og vern

Først er det likevel på sin plass med ein kort ekskurs kring ”bruk og vern.” Spørsmålet om vern av Breheimen - Mørkrisdalen kjem i ei tid der debatten om vern har endra seg relativt mykje. No er det i større grad legitimt for vernestyresmaktene å drøfte spørsmålet om ”bruk” av verneområda, mellom anna som følgje av dei politiske signala som blei gitt i revidert nasjonalbudsjetten våren 2003 (St.prp.nr 65 (2002-2003)). Kanskje meir viktig

er likevel den praksisen som etter kvart har utvikla seg i Sogn og Fjordane og Oppland, der vernestyresmaktene har lagt større vekt på medverknad i vernearbeidet, og der spørsmålet om bruk av nasjonalparkane i næringssamanheng er reist gjennom prosjekt som Naturbruksprosjektet og Nasjonalparkriket. I intervjuet våre med aktørar og interessegrupper i utgreiingsområdet blir dette også sterkt understreka; dei fleste legg vinn på at samarbeid med verneinteresser - og medverknad i verneprosessar - er av avgjerande betydning.

I debatten som har vore i tilknyting til endringane i vernepolitikken har det også kome nye signal frå lokalt hald. Det nye her er at lokale aktørar i somme høve argumenterer for å *auke* omfanget av vern i konkrete vernesaker, t.d. verneprosessane knytt til Stølsheimen landskapsvernombord og Nærøyfjorden landskapsvernombord. Nytt er også at det vert tatt sjølvstendige verneinitiativ lokalt, t.d. i Aurland, der det er drøfta ei ny form for regionale naturparkar etter modell frå Frankrike. Det har også vore drøfta lokalt spørsmålet om å inkludere bygder og større gjennomfartsvegar i verneområde, for på den måten å gjøre det enklare å få til næringsaktivitet i tilknyting til verneområda.

I samband med at regjeringa la fram Fjellteksten vart det gjennomført ulike utgreiingar for å vurdere ”bruk og vern”-problematikk. Ei av utgreiingane analyserte næringspotensialet innanfor reiseliv knytt til nasjonalparkar (Aass 2003). Her blir det vist at nasjonalparkane Dovrefjell-Sunndalsfjella, Femundsmarka og Reisa har ein samla brutto omsetnad for reiseliv i storleiken 45 millionar kronar, tilsvarende om lag 80 kroner per hektar. Ei tilsvarende gransking frå Sogn og Fjordane, men då avgrensa til reiselivsaktivitet *utanfor* verneområdet (Jostedalsbreen og den delen av Jotunheimen nasjonalpark som er i Sogn og Fjordane), gjev ein omsetnad innafor reiselivet i storleiken 500 millionar kronar, tilsvarende om lag 10 gongar så høg avkastning per arealeining av det aktuelle verna området (800 kroner per hektar) (Aall m.fl 2003a).

Kartlegginga som er gjort av Breheimen – Mørkrisdalen viser særleg to aspekt som er av interesse i høve til den diskusjonen som er vist til over:

- For det første at det er lite kommersiell reiselivsaktivitet innanfor det aktuelle verneområdet.
- For det andre at det er heller ikkje planar av vesentleg omfang når det gjeld ny kommersiell reiselivsaktivitet innafor det aktuelle området som i dag framstår som realistiske.

Eit lite atterhald til det siste poenget gjeld planane om ny veg over Hanspiken, skianlegg i Bøverdalen og cruise-kai i Skjolden. Men sjølv om aktørar lokalt med interesse for reiseliv og friluftsliv har litt ulikt syn på gradar av vern og korleis det vil påverke vilkåra for reiselivsutvikling, er det ingen ”harde frontar”. Folk flest synast å meine at vern er greitt, og at Breheimen - Mørkrisdalen bør vere som i dag – eit relativt urørt område.

Samstundes har det kome fram tankar lokalt om å utvide det foreslalte verneområdet, og då ut frå eit ønske om betre å kunne utnytte Breheimen – Mørkrisdalen sin eventuelle status som verneområde. Utvidinga gjeld i tilfelle å ta med delar av den faste busetnaden i Jostedalen og delar av Strynefjellsvegen. I denne diskusjonen inngår også planane om å etablere

Fossbergom i Lom som ”nasjonalparklandsby.” Pilotprosjektet som Lom deltek i, vil skaffe kunnskap om mulighetene for å få til ein slik status. Siktemålet med dette er at det kan bidra til auka reiselivsutvikling. Dette er slik både fordi det er kommersielt meir interessant å utvikle reiseliv i nærlieken til veg og busetnad og fordi det venteteg vil bli mindre konfliktfyldt.

## 7.2 Regionalparkar

Korleis ein reint praktisk kan inkludere kulturlandskap, næringsverksemd og vegar i utgreiingsområdet har vi ikkje systematisk samla inn synspunkt på. Etableringa av ein ”natur og kulturpark” kan vere eit døme på ein *mogleg* strategi. Natur- og kulturparkar er ikkje eit kjent konsept i Noreg, men ei rekke europeiske land har etablert slike parkar. I Noreg har Valdres og Aurlandsområdet vore med i prosjekt for å utvikle ein slik ide. Skarstad (2004) skriv at ”Ein natur- og kulturpark er ikkje ein nasjonalpark. Det er ein bygdeutviklingsregion med lokal styring, som skaper næringsutvikling i landbruk, reiseliv og tilknyta næringar.” Det er såleis snakk om eit breiare omgrep enn det som tradisjonelt har vore innhaldet i nasjonalparkkonseptet.

I ein gjennomgang av erfaringane frå ein studietur til ei av dei franske regionalparkane, peikar Aall (2005) på følgjande sentrale poeng med den franske regionalparkordninga som kan vere av interesse for norske forhold:

”.... en regionalparkordning ...bør være en ordning etablert eksklusivt for næringssvake områder som også er omfattet av vern. ... *formålet* med å etablere en regionalpark er ... (1) Styrke småskala næringsutvikling. (2) Styrke miljøarbeidet.....En regionalparkordning må forankres *nasjonalt* – fortrinnsvis i *plan- og bygningsloven*; for eksempel gjennom en kommunedelplan. Videre ... trengs en eller annen form for lovendring; enten i form av en egen lov, et tillegg til en eksisterende lov eller som en forskrift til et eksisterende lovverk – for eksempel plan- og bygningsloven.

Poenget her er at det må utformes en form for regelverk som gjelder betingelser for å få tildelt status som regionalpark og hvordan en slik tildeling skal skje. Et alternativ her er å se til det franske systemet med et charter og en tiårig godkjenning. Videre må en eventuell merkeordning for produkter og tjenester forankres nasjonalt. Et slikt merke kan være et kvalitetsmerke og/eller et opphavsmerke”.

## 7.3 Fjellteksten og nasjonalparkturisme

Fjellteksten som vi tidlegare har brukt som referanseramme er sentral i høve til dei føresetnadene som finst for utvikling av naturbasert reiseliv i Breheimen – Mørkrisdalen. Dette dokumentet gjev klare signal om bruken av fjellområde og nasjonalparkar – også i kommersiell samanheng. Generelt kan vi seie at fjellteksten oppmodar til auka bruk av fjellområda, men då presisert at dette skal vere ”miljøtilpassa.” I fjellteksten heiter det mellom anna at ressursane i den norske fjellnaturen skal gje grunnlag for sysselsetjing og verdiskaping. Samstundes blir det understreka at det er naturen sjølv som skal sette rammene for forvaltninga av fjellressursane. Når det gjeld fjellnaturen i reiselivssamanhang er det poengtert at auka turistmessig bruk blant anna skal skje gjennom fokus på natur- og kulturverdiar. Essensen er på mange måtar at ein opnar for, og ønskjer å

stimulere til, ein auka (kommersiell) og *ny* type bruk i verneområde *samstundes* som ein gjev strengare føringar på tekniske inngrep og motorferdsel.

Desse trendane kjem òg tydeleg til uttrykk i dåverande statsråd Børge Brende sin utlegning av fjellteksten (til dømes i foredrag på seminar om kvalitetsturisme i Fjærland, mai 2003. Sjå Aall (2003b) for samandrag). Brende understreka mellom anna at styresmaktene ønskjer å auke den turistmessige bruken av verneområda og lokal verdskapning knytt til dette. Som døme vart det oppmoda om å oppheve forbodet mot kommersiell turisme i Jotunheimen Nasjonalpark og at det særleg innanfor landskapsvernområde burde leggjast til rette for mindre, miljøtilpassa turistverksemder. Direktoratet for naturforvaltning arbeider for tida med å få til eit miljøtilpassa reiseliv som tek utgangspunkt i dei politiske måla om auka turistmessig bruk av fjellområda. Til dømes vart det hausten 2004 etablert eit samarbeidsforum for utvikling av miljøtilpassa reiseliv, der representantar frå forvaltning, grunneigarorganisasjonar, reiselivet og naturverninteresser møttest.

Eit anna sentralt poeng i fjellteksten som statsråden la vekt på var at vern og utvikling av nærliggjande lokalsamfunn i større grad vart sett på *i samanheng* i verneprosessar. Trass i desse tendensane som peikar i retning av meir kommersialisering av fjellområde og opning for ein *ny* og *annan* type bruk av fjellområde skulle dette som nemnt vere ”miljøtilpassa.” I dette ligg dei ei økosystemtilnærming, som nok best er eksemplifisert i haldninga til motorisert ferdsel. Børge Brende (i følgje Aall 2003b) legg til grunn at allmenne omsyn talar imot å gje konsesjon til motorisert luftferdsel i nasjonalparkar og andre viktige verneområde. Samstundes blir det hevdat at det er naudsynt å skjerme viktige friluftsområde mot støy frå kjøretøy på bakken, småfly og helikopter. Desse poenga er også sterkt understreka i fjellteksten. Sitatet under kan vere illustrerande:

”Økende motorferdsel er i ferd med å redusere fjellområdenes kvalitet som turistobjekter, både innenfor og utenfor verneområdene. Undersøkelser viser at stillheten for mange fjellbrukere, ikke minst for utenlandske turister, er noe av det som er unikt ved norsk natur. Det er derfor nødvendig å skjerme viktige friluftslivsområder mot støy fra kjøretøy på bakken, småfly og helikoptre”. (St.prp.nr 65, 2002-2003)

## 7.4 Geoturisme

På mange måtar harmonerer perspektiva i Fjellteksten med Innovasjon Noreg sine strategiar for reiselivsutvikling i Noreg. Desse strategiane kan oppsummerast i omgrepet *geoturisme*, som er Innovasjon Noreg sitt leiande prinsipp for reiselivsutvikling<sup>10</sup>. Definisjonen av geoturisme slik det kjem til uttrykk i National Geographic Society – som er opphavet til omgrepet – er ein turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar ein stad sin lokale eigenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kjem lokalsamfunnet til gode.

---

<sup>10</sup> Innovasjon Norge har forplikta seg til å drive reiselivsverksemda i tråd med prinsippa som ligg til grunn for geoturisme. Ein avtale om dette vart underteikna 31. august 2005.

Vi skal i det vidare forsøke å komme på sporet av innhaldet i geoturismeomgrepet. Dersom eit reiseliv skal baserast på geoturisme er det særleg tre føresetnader som må ligge til grunn. Dette er for det første at reiselivet må vere *bærekraftig*. For det andre at det må vere *lokalt* og basert på eit "ekte" produkt, og for det tredje må det vere tufta på *kvalitet*. Vi skal kort sjå nærmere på desse tre komponentane.

Den første komponenten at reiselivet skal vere *bærekraftig* er omfattande og kan ha mange tydingar. I høve til FN's verdenskommisjon for miljø og utvikling (Brundtland-rapporten) er det ei rekke krav som kan stillast til eit reiseliv som vil nemnast *bærekraftig*. Aall (1997) identifiserer sju sentrale bærekrafttema som reiselivet må forholde seg til høve til eit slikt omgrep. I forhold til FN's verdenskommisjon er dette 1) Reduksjon i dagens energiforbruk. 2) reduksjon av dagens forbruk av ikkje-fornybare ressursar. 3) Utslepp skal ikkje føre til lokale helseproblem. 4) Utslepp skal vere innanfor økosystema sine tolegrenser. 5) Arealinngrep skal ikkje føre til konfliktar knytt til matvareproduksjon og biologisk mangfald. 6) Reiselivsaktivitetar må ikkje føre til konfliktar i høve til den lokale sosiale og kulturelle eigenarten. 7) Verdiskapinga lokalt av utanlandsreiser skal bidra til å sikre ei meir rettvis global fordeling. Som vi ser er dette ei omfattande liste med krav som i mange samanhengar vil vere vanskeleg å tilfredsstille for reiselivsaktørar – også i det området vi har kartlagt i denne rapporten.

Den andre substansdelen i geoturismeomgrepet; at reiselivet må vere *lokalt* og "ekte," er viktig også ut frå definisjonen som National Geographic Society nyttar. Vesentleg er det at reiselivet skal ta vare på, forsterke og framheve ein stad sin lokale eigenart, i tillegg til at det skal komme lokalsamfunnet til gode.

Den tredje komponenten - at geoturisme fordrar *kvalitet* - kan knytast til tre ulike aspekt. Dette er for det første *kvalitet i produksjonen*. Med dette siktar vi til at ein oppfyller ISO-standardar, har gode rutinar og internkontrollar osv. For det andre kan kvalitet koplast til sjølve opplevinga og produktet. Denne forma vert ofte omtala som *substanskvalitet* og referer til opplevinga; at kunden får "verdi for pengane." Den tredje kvalitetskomponenten handlar om *konsekvensane av reiselivet*. I dette ligg det at turismen må få minst mogleg negative konsekvensar på natur og lokalsamfunn.

## 7.6 Lokale konsekvensar av Fjellteksten og geoturismesatsinga: drøfting av cruise-kaiplanar i Skjolden

Dei trendane som på mange måtar materialiserer seg i fjellteksten og omgrepet geoturisme har lokale konsekvensar – også i Breheimen – Mørkrisdalen. Signala som fjellteksten gjev, og dei forpliktingane Innovasjon Noreg har gjort med avtalen om geoturisme, legg føringar også på eit lokalt nivå. Eit viktig element er difor å granske dei framtidvisjonane som vi finn i reiselivet i området og sjå korleis dette relaterer seg til dei ytre rammene. Som illustrasjon ser vi til dømes at cruise-kaiplanane i Skjolden og dei naturbaserte reiselivstilboda i Jostedalen har innebygd nokre motsetnader som også kjem til uttrykk som kontroversar mellom aktørane vi har intervjua. Desse kontroversane krinsar kring ei sentral problemstilling i dette feltet; forholdet mellom kvalitet og volum.

I intervju med reiselivsaktørar i Jostedalen kjem det fram at det er ei opplevd spenning mellom volumet på turistar og kvaliteten på det tilbodet ein ønskjer å tilby. Til dømes har Breførarlaget som i hovudsak har føring på Nigardsbreen valt å prise produkta sine høgt slik at volumet på turistar ikkje skal auke. Implisitt i dette ligg det ei forventning om at reiselivsproduktet blir forringa ved for store turistmassar i området. Slike val er ikkje enkle; andre aktørar i området har større kapasitet og eit ønskje om auka volum. I denne samanhengen er også opning av cruise-kai i Skjolden relevant. Dette vil føre til eit auka turistvolum i influensområdet til Breheimen – Mørkrisdalen, som til dømes Jostedalen. Truleg vil det også føre til eit auka press i sjølve utgreiingsområdet. Allereie pr. juli 2006 er det meldt inn fire cruiseskip i 2007. Intervju med sentrale personar i reiselivsmiljøet i Jostedalen syner ein klar ambivalens i høve til volumutfordringane som ligg i ei cruiseutbygging. I samband med cruise-kai i området må det til dømes etablerast ein infrastruktur for å handtere turistane; blant anna er det difor det òg har dukka opp planar om bygging av helikopterlandingsplass/gondolbane

Cruise-kai diskusjonen har også ei annan volumutfordring. Problematikken vi har skildra så langt kan mest presist omtalaast som ein *intensitetsdimensjon*. I dette ligg det at tiltaket vil føre med seg lokale utfordringar for infrastruktur, servicetilbod og opphoping av reiselivsaktivitetar. Det kan igjen skape problem knytt til køar, lokal miljøureining og kø/trengsel. Innanfor ein berekraftsdiskusjon er det likevel vel så viktig å ta innover seg den mobile delen – særleg *transport frå heimstad* til destinasjon.

Desse diskusjonane knyter seg til aktivitetar i influensområdet til Breheimen – Mørkrisdalen, samstundes som det òg har konsekvensar for sjølve utgreiingsområdet. Fjellteksten og avtalen om geoturisme er såleis vesentlege føresetnader for reiselivsutviklinga i Breheimen – Mørkrisdalen. Dette legg òg føringar på lokalt nivå. Samstundes impliserer dette at lokale aktørar må ta viktige *verdival* i forhold til kva utvikling ein ser føre seg. Desse vala knyter seg i stor grad til volum-kvalitet problematikk slik dette er skissert over.

## Skriftlege kjelder

- Din Tur AS (2005): *Markedet for naturbaserte opplevelser. Markedskunnskap og forlag til markedstiltak.* Din Tur AS, på oppdrag for Norges bondelag og Norges skogeierforbund.
- Erikstad, Lars m.fl (1993) *Vassdragsundersøkelser Øvre Otta, friluftsliv og naturfag.* Norsk Institutt for Naturforskning
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2005): *Sluttrapport – Naturbruksprosjektet.* Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 9/2005.
- Haukeland, Jan Vidar (2006): *Interesse for, og besøk i, nasjonalparkene og andre naturområder blant utenlandske turister.* Foredrag, Lomskonferansen, 2006
- Kroken, Anne (1992) *Verneplan IV, friluftsfaglige vurderinger av vassdrag i Hedmark og Oppland.* NVE, publikasjon nr. 33, 1992
- Lom kommune (2003): *Kommunedelplan for næringsutvikling, 2003-2005*
- Lom kommune (2006, juli) kommunale heimesider
- Lom kommune(2003) *Kommuneplanens arealdel 2003-2013,* tilgjengeleg: <http://www.lom.kommune.no/assets/1331/537/Kommuneplan-vedtak-acrobat.pdf>, 20.05.05)
- Luster kommune (1998): *Kommuneplan 1998-2007. Mål og retningslinjer.* Tilgjengeleg: <http://www.luster.kommune.no/sogn/luster/lusterk.nsf/id/207B7C59044E399AC1256F480041619B?OpenDocument>, 21.06.05)
- Luster kommune (2005): *Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2005-2017.* Tilgjengeleg: <http://www.luster.kommune.no/sogn/luster/lusterk.nsf/id/207B7C59044E399AC1256F480041619B?OpenDocument>, 21.06.05)
- Luster kommune (2006, juli) kommunale heimesider
- Nasjonalparkriket (2003): *Nasjonalparker i Nord-Gudbrandsdalen: En bærekraftig og tiltaksretta satsing for å utvikle Nord-Europas nasjonalparkregion nr. 1. En samarbeidsavtale mellom Fylkesmannen i Oppland, Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal, reiselivsorganisasjonene i Nord-Gudbrandsdalen, fjellstyrrene i Nord-Gudbrandsdalen, Statskog Sør-Norge og Oppland fylkeskommune.*, Tilgjengelig: <http://www.oppland.no/archive/Internett/Plan/Nasjonalpark/Prosjektplan.pdf>, 29.04.05
- Nasjonalparkriket (2004): *Nasjonalparker i Nord-Gudbrandsdalen: En bærekraftig og tiltaksretta satsing for å utvikle Nord-Europas nasjonalparkregion nr. 1.* Prosjektplan for Nasjonalparkriket [tilgjengelig: [www.oppland.org](http://www.oppland.org)]
- Norsk Bygdeturisme og Gardsmat (2006): *Bygdeturisme & Gardsmat på vestlandet.* Brosjyre
- Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging (2006) Landskapsregioner i Norge. Med underregioninndeling. Tilgjengeleg:

[http://www.Fylkesmannen.no/digimaker/  
documents/Lanskapsregioner\\_i\\_Norge\\_NIJOS\\_8mrvAU65223OS.pdf](http://www.Fylkesmannen.no/digimaker/documents/Lanskapsregioner_i_Norge_NIJOS_8mrvAU65223OS.pdf)

Oppland Fylkeskommune (2004): *Mulighetene Oppland*, fylkesplan. Vedteke desember 2004.

Siljan, Irene (2006): *Tilbyr Nasjonalparkriket det våre utanlandske gjester ynskjer seg av naturbaserte aktivitetar? Trendar og potensiale*. Foredrag, Lomskonferansen, 2006.

Skarstad, Håkon Johs (2004): "Natur- og kulturparkar noko for Norge?" i *Nasjonen*, kronikk 18.11.2004

Skjerdal, Ingunn Bårtvedt (2006): *Registrering av landbruket i samband med verneplanarbeidet for Breheimen – Mørkridsdalen*. Aurland kulturverkstad rapport nr.3/2006.

Skjåk kommune (2001): *Næringsplan for Skjåk kommune*

Skjåk Kommune (1991): *Kommuneplanens arealdel 1991-2002*

Skjåk kommune (1999): *Utmarksplan for Skjåk kommune*

Skjåk kommune (2001): *Naturovervåking i Skjåk 2003*, tilgjengeleg:

<http://www.skjaak.kommune.no/index.gan?id=1637>

Skjåk kommune (2006, juli) kommunale heimesider

Sogn og Fjordane fylkeskommune (1994): *Fylkesdelplan for friluftsliv del I og del II*.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (2000): *Fylkesplan for arealbruk*.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (2004): *Vegen vidare for Sogn og Fjordane*, fylkesplan. Vedteke juni 2004.

St.prp.nr 65 (2002-2003): "Fjellteksten"

Statens vegvesen (2006) *Nivå1-punkt fjellovergangar aust vest*, Statens vegvesen [tilgjengeleg: [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)]

Statistikknett (2005): *Overnatningsstatistikk for hotell, hytter og camping i Lom, Skjåk og Luster*. Tilgjengelig: [www.statistikknett.com](http://www.statistikknett.com), 27.05.05)

Verdenskommisjonen for miljø og utvikling (1987): *Vår felles framtid*. Tiden Norsk Forlag.

Østdahl, Torbjørn (2003): *Verdier i Ostrivassdraget, Skjåk kommune i Oppland og Luster kommune i Sogn og Fjordane*. VVV-rapport 2004 – 1, Norsk institutt for Naturforskning.

Øvregard, Kåre (1999): *Stølar og stølsliv i Luster kommune*. Skald forlag

Aall, Carlo (1997): *Bærekraftig reiseliv – mye "liv" og lite "reise"?*

Sluttrapport fra prosjektet "Et miljøtilpasset reiseliv – En kartlegging og vurdering av miljømotivert virkemiddelbruk i reiselivet". VF-rapport 17/97.

Sogndal: Vestlandsforskning

Aall, Carlo (2005): *Regionalparkar*. Internt notat 25.09.05. Sogndal: Vestlandsforskning.

Aall, Carlo (m.fl) (2003a): *Næringsmessig potensiale for kvalitetsturisme. En utredning for Miljøverndepartementet belyst med analyser fra Sogn og Fjordane*. VF-rapport 4/2003. Sogndal: Vestlandsforskning

Aall, Carlo (red.) (2003b): *Seminarrapport frå arbeidsseminar om kvalitetsturisme. 27. og 28. mai 2003 i Fjærland, Sogn.* VF-notat 05/03. Sogndal: Vestlandsforskning

Aall, Carlo og Brendehaug, Eivind (2005) "Kvalitetsturisme – eit bidrag til den norske debatten?" i *Plan* nr. 3-4, 2005.

Aas, Øystein (red.) (2003): *Bruk og forvaltning av nasjonalparker i fjellet. - Internasjonale erfaringer med forvaltning av menneskelig virksomhet i nasjonalparker. - Kartlegging av næringsaktivitet i Dovrefjell-Sunndalsfjella, Femundsmarka og Reisa nasjonalparker. - Litteraturstudie av økologiske, kulturfaglige og sosiale effekter av turisme i verneområder.* NINA fagrapp 72: 2003

Aasaaren, Olav (2006): *Nasjonalparkriket: Status og framtidsvyer.* Foredrag, Lomskonferansen, 2006

# Vedlegg I: Intervjuguide

*Bakgrunnsspørsmål:*

- Namn og stilling
- Namn på bedrift
- Etableringsår
- Er dette ditt hovudyrke (særlig relevant for gardsturisme)

*Omfang på verksemda:*

- Tal årsverk totalt, og fordelt på heilårs og sommar
- Årleg omsetning
- Kapasitet (tal hytter/rom/serveringsplassar eller liknande)
- Tal kundar/turistar/overnattingsgjestar pr. år
- Fordeling utlendingar – nordmenn
- Kor lenge er turistane i området og på/med bedriften
- Om Breheimen - Mørkrisdalen
- Kva er ditt reiselivsprodukt?
- Kva betydning har fjellområdet Breheimen – Mørkrisdalen for di verksemd?
- Bruk av Breheimen-Mørkrisdalen marknadsføring?
- Bruker kundane området?
- Har du planer for vidareutvikling av reiselivsverksemda din (utvide kapasiteten, nye produkt)?
- Vil eit eventuelt vern av Breheimen – Mørkrisdalen ha betydning for di verksemd slik ho er i dag; eventuelt i høve til dine framtidsplanar (+ eller -)?
- Dine tankar om vern, nasjonalpark eller landskapsvern område?

## **Vedlegg II: Informantar**

Stein Are Bergheim, Grotli hotell,  
Inge Skjåk, Skjåk Sæter  
Stig Aaboen, Almenningsbestyrar Skjåk almenning  
Jorunn Svingen, Bestyrar Sota sæter  
Odd Repp, Lom Fjellstyre  
Ole Ragnar Repp, driftsansvarlig Jotunheimen Fjellstue  
Kjell og Grethe Madsen, eigarar Nissegården  
Torgeir T. Gardmo, Fossheim steinsenter  
Ola Aukrust, Nordgard Aukrust  
Nils Lund, EigarVassenden  
Reidun Trønnes, Høydalssæter  
Inger Elvesæter, Elvesæter  
Unni Reinschmidt, Bøvertun Skysstasjon  
Torill Vole, Krossbu  
Arnfinn Jensen, Sognefjellshytta  
Einar Galde, Skjolden hotell  
Eirik Nyhus, eigar Nymo leirplass  
Øivind Listou, formann Skjolden grunneigarlag  
Jonny Gjerde, leiar Luster Austre Statsallmenning  
Sølvi Fretheim Steig, Bjørk gard  
Reidun Berntsen, bestyrar Nørstedalssæter  
Laila Gjerde, eigar Jostedal hotell  
Peder Kjervik, Breiheimsenteret  
Steinar Bruheim, Jostedal breførarlag  
Roger Vigdal, Fimbul Jostedal  
Magnus Lilleeng, Skjåk rafting  
Jan Erik Reiten, DNT  
Lars Bakkom, Jotunheimen Reiseliv  
Bjørn Dalen, Skjåk kommune  
Kari Sveen, Lom kommune  
Olav Grov, Næringssjef Luster kommune  
Christian Hillmann, Naturforvaltar Luster kommune  
Sverre A Larssen, Dagleg leiar DNT Oslo og Omegn  
John Børre Veum, Statens vegvesen region vest  
Mai Bakken, Lom fjellstyre  
Bjørn Åge Jenssen, Naturopplevingar  
Jostein Aasen, Norgestuidene

Mette Frydenberg Reinertsen, Norgesguidene  
Torkjell Sollesnes, Bjørkehaugen  
Runa Bø. Fylkesmannen i Oppland  
Trond Sundby, Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Vedlegg III: Oversyn over turstiar

### *Skjåk kommune*

Skjåk kommune har rydda nokre stiar inn mot fjellområdet. Dei har og skilta startpunkt og stidele. Dei har ein strategi der dei er forsiktig med å måla eller sette for kraftige spor i naturen. Følgjande stiar har merka startpunkt og er delvis rydda:

- Fem ulike stiar sørvest for Bismo opp mot Lomseggje
- Sti inn Lundadalen, langs Skjøle (elva) og Lundadalsvatnet
- Sti frå Bismo opp til Flekkøyhøe
- Veg opp til Skjellom.
- Sti inn Tundradalen, langs Tundra inn til Grønstorrhue.
- Sti nordøstover frå Sota Sæter opp over Randsverk (fjelltopp).
- Veg og sti vest for Pollfoss opp til Glittervatnet
- Stig til Kleivtjønne
- Stig Brennseter til Randsverk
- Stig opp ved Skotåe Tundradalen
- Stig Tundraskridu-Buanase
- Stig/seterveg til Kollungen
- Stig Kollungen - Kollungstjønn

Merka utgangspunkt:

- Sti til Søvertjønne.
- Sti til Kollungstjønne.
- Sti opp Mårådalen.

Parkeringsplassar for turgårarar ved Sota og Mysubytta opparbeid 2002. På vinteren vert det kjørt *skiløyper* ut frå Grotli høgfjellshotell. Idrettslaget kører skiløyper frå Nysætri og over mot Botn, og sporadisk kører dei løype innover Lundadalen. DNT kvister frå Sota Sæter til Trulsbu og vidare til Nørstedalseter. Sota Sæter kører òg opp litt løyper i nærområdet for dei gjestene som ligg der fast.

### *Lom kommune*

- Merka sti opp til 1289 på Lomseggje.
- På kart: Sti frå Røysheim til Bakkebergsfjellet.
- Ved Høydalsvatnet, sti opp på Blåhøe og Høyrokampen, halde ope av eigar på Vassenden

### *Luster kommune*

Luster har ein turguide over stiar som er rydda og delvis merka av kommunen, den inneheld 31 stiar, sju av desse er i det aktuelle området.

- Vanndal – Myrhorn,
- Vanndal – Vangsen,

- Mørkrid – Osen,
- Mørkrid – Mørkridsdalen,
- Ytri – Lønninga (Fortun),
- Middalen – Illvassnosi.

I tillegg har Skjolden Aktiv og IL Fanaråk tilrettelat fleire stiar i Skjolden/Mørkridsdalsområdet. Nokre av desse stiane inngår delvis i DNT sitt turrutenett:

- Rebni – Rebnisli/Skåri
- Sngjaberget (kort tur nært Skjolden sentrum)
- Mørkrid – Storetjørna/Dulsete
- Hatleviki – Fjøsnastølen
- Vassbakken kro – Gjerseggi

## Vedlegg IV: Overnatningsstatistikk

**Tabell 13** Overnattingstal, Den Norske Turistforening

Hytte	2005	2004	2003	2002	2001	2000	1999	1998
<b>Betjente hytter</b>								
Nørdstedalseter	1159	1345	885	943	1 029	751	976	977
Sota Sæter	4194	3726	3 282	3 265	3 463	3 302	3 656	3 141
Sum betjente hytter	5353	5071	4167	4208	4492	4053	4632	4118
<b>Sjølvbetjeningshytter</b>								
Arentzbu	472	580	543	570	842	641	423	418
Fast	168	202	187	253	368	367	128	289
Navarsete	133	127	146	194	150	164	99	108
Skridulaupbu	40	42	51	39	82	46	77	97
Slæom	215	240	132	216	208	179	290	270
Sprongdalshytta	308	383	333	323	492	296	310	301
Stølsdalen	85	145	116	124	145	119	110	146
Trulsbu	214	221	219	197	339	209	162	171
Vigdalstøl	138	159	184	206	248	235	165	166
Sum sjølvbetjeningshytter	1773	2099	1911	2122	2874	2256	1764	1966
<b>Totalt (betjent + sjølvbetjent)</b>	<b>7126</b>	<b>7170</b>	<b>6078</b>	<b>6330</b>	<b>7366</b>	<b>6309</b>	<b>6396</b>	<b>6084</b>

(Kjelde: Den Norske Turistforening)

**Tabell 14** Overnatningsstatistikk. Lom, Luster og Skjåk, 2000-2004 (i tusen gjestedøger)

Kommune	Marknad	2004	2003	2002	2001	2000
Lom, hotell	I alt	109	104	101	106	102
	Norge	83	77	73	77	71
	Utland	26	26	27	29	30
Lom, Camping og hytter	I alt	53	52	45	54	-
	Norge	31	30	27	31	-
	Utland	21	22	18	23	-
Luster, hotell	I alt	30	28	30	27	30
	Norge	16	15	15	10	12
	Utland	14	14	15	16	16
Luster, camping og hytter	I alt	60	60	57	57	54
	Norge	16	18	18	18	16
	Utland	43	42	39	38	37
Skjåk og Vågå, hotell	I alt	41	42	43	48	-
	Norge	28	27	28	32	-
	Utland	21	15	14	15	-
Skjåk, Camping og hytter	I alt	28	30	27	24	-
	Norge	16	17	16	13	-
	Utland	12	13	11	11	-

(Kjelde: Statistikknett)

Tala for hotell i Skjåk er slege saman med Vågå fordi det er for få hotell i Skjåk til at det kan lagast statistikk på dei. Tale er henta frå [www.statistikknett.com](http://www.statistikknett.com).

## Vedlegg V: Oversyn over stølar, buer, hytter og setrar

Tabellen under gjev ein oversikt over stølar, buer, hytter og setrar i Breheimen - Mørkrisdalen. Tabellen er basert på ulike kjelder. Viktigast er Øvregard (1999), Skjerdal (2006), samt Skjåk kommune sin utmarksplan frå 1999. Lista er ikkje komplett, men gjev eit førebels oversyn over viktige område.

**Tabell 15** Stølar, buer, hytter og setrar

Namn	Område	Type/antal hytte/støl
Persli	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, fleire tufter
Berget	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, 1 løe
Steinhaugen	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, 1 fjøs
Knivbakkgjerdet	Skjolden/Mørkrisdalen	2 løer, fleire tufter
Knivbakkli	Skjolden/Mørkrisdalen	5 sel
Dulsete	Skjolden/Mørkrisdalen	4 sel, 1 hytte og 3 løer
Liane	Skjolden/Mørkrisdalen	3 sel
Langdalen	Skjolden/Mørkrisdalen	8 sel, fleire tufter
Fossen	Skjolden/Mørkrisdalen	3 sel, fleire tufter
Skåri	Skjolden/Mørkrisdalen	2 hytter
Gurosete	Skjolden/Mørkrisdalen	2 sel
Osen	Skjolden/Mørkrisdalen	7 sel, fleire naust og hyttefelt
Åsete	Skjolden/Mørkrisdalen	6 sel, fleire tufter
Fast	Skjolden/Mørkrisdalen	7 sel, fleire tufter
Fjellsli	Skjolden/Mørkrisdalen	4 hytter, fleire tufter
Nobbi	Skjolden/Mørkrisdalen	2 sel, 1 tuft
Rausdalen	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel, 1 tuft, Arentzbu
Bolstadsveidalen	Skjolden/Mørkrisdalen	1 tilsynsbu, fleire tufter
Haugsveidalen	Skjolden/Mørkrisdalen	fleire tufter
Nyhammar	Skjolden/Mørkrisdalen	1 tuft
Still	Skjolden/Mørkrisdalen	fleire tufter
Råsane	Skjolden/Mørkrisdalen	2 sel, fleire tufter
Myrasete	Skjolden/Mørkrisdalen	1 sel
Bolmhaugen/Blomøy	Skjolden/Mørkrisdalen	Fleire tufter
Hallingbakkane	Skjolden/Mørkrisdalen	Fleire tufter
Tjødnabakken	Skjolden/Mørkrisdalen	Grillhytte
Lønningane	Fortun/Fortunsdalene	2 sel

Nysethaugen	Fortun/Fortunsdalen	
Smole	Fortun/Fortunsdalen	1 sel
Stokkastølen	Fortun/Fortunsdalen	1 sel
Klepp	Fortun/Fortunsdalen	2 sel
Indre Smole	Fortun/Fortunsdalen	
Mysubytta	Skjåk kommune, innanfor utgreiingsområdet	9 setrer
Røykjeskålsli	Skjåk kommune, innanfor utgreiingsområdet	Geiteseter felles
Yste Lundadalsetra	Skjåk kommune, innanfor utgreiingsområdet	2 hus (sel), 5 setrer
Botn seterstul	Skjåk kommune, i influensområdet	5 setrer
Framruste	Skjåk kommune, i influensområdet	11 setrer
Dyringen	Skjåk kommune, i influensområdet	4 setrer
Sota seterstul	Skjåk kommune, i influensområdet	8 setrer
Ved Liavatnet langs vegen til Sota	Skjåk kommune, i influensområdet	Om lag 90 hytter
Tundradalsseter	Skjåk kommune, i influensområdet	5 seter
Brennsetrene	Skjåk kommune, i influensområdet	3 setrer
Kollungen seterstul	Skjåk kommune, i influensområdet	3 setrer
Skjellom	Skjåk kommune, i influensområdet	4 setrer
Brumillomsetrea	Skjåk kommune, i influensområdet	2 setrer
Heimaste Lundadalsetra	Skjåk kommune, i influensområdet	7 setrer
Raudalsbue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Beitebu felles
Grønstorrhue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Allmenningsbu
Sottjønnbue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Allmenningsbu
Glitterbue	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Allmenningsbu
Lundadalen	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Beitebu og sauhytte felles
Lenda	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Steinbu
Skriuhaugan	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Steinbu
Sandå	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Beitebu felles
Kollungshytta	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Jaktbu
Syrbyttvatnet	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Jaktbu
Isakhytta-Lundadalen	Skjåk kommune, i utgreiingsområdet	Jaktbu
Strynefjellvegen	Skjåk kommune, i influensområdet	Om lag 170 private hytter
Pollfoss	Skjåk kommune, i influensområdet	Om lag 90 hytter
Nørdre Høydal	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Aktiv seterdrift
Søre Høydal	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Ikkje aktiv seterdrift
Vassenden	Lom kommune, i influensområdet	
Måfå	Lom kommune, i influensområdet	
Prestesetra	Lom kommune, i influensområdet	
Hovdestulen	Lom kommune, i influensområdet	
Netoseter	Lom kommune, i influensområdet	
Leiksetra	Lom kommune, i influensområdet	
Bjøyllungsdalshovden	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Tilsynsbu
Bakkebergsfjellet	Lom kommune, i utgreiingsområdet	Tilsynsbu

Bøverdalen	Lom kommune, i influensområdet	Setrar
Bøvertjønn	Lom kommune, i influensområdet	Hyttefelt, om lag 45 hytter

## Vedlegg VI: Oversyn over reiselivsverksemder

Tabellane under oppsummerar viktige reiselivsverksemder i utgreiingsområdet og det tilhøyrande influensområdet. Listene er ikkje komplette eller uttømmande for dei tre kommunane. Verksemndene i tabellen er blinka ut etter skjønn, på bakgrunn av kven som er mest knytte mot Breheimen - Mørkrisdalen og etter innspel frå dei aktuelle kommunane.

**Tabell 16 Reiselivsverksemder, Skjåk**

Verksemnd	Type	Kapasitet	Tilknyting
Dønnfoss camping	Hyttegrend og campingplass	12 hytter, 2 leiligheter, 177 bobil og campingvognplasser	Turar i Tundradalen
Grotli høgfjellshotell	Overnatting og servering	125 senger	Viktig, men mange som berre overnattar.
Sota Sæter	Overnatting og servering, DNT-hytte	72 senger	DNT stiar, føring over Fortuadalsbreen og til Tverrådalskyrkja
Stuttgången Sæter	Butikk i turistsesong, hytter, campingvognplass	15 senger, 3 leiligheter	
Mogard Gardsmat og gjestgiveri	Gardsmat og hytteutleige		
Skjåk Sæter	Hytter, kafe, campingvognplass plass	Har 60-70 personar pr døgn i sesong. Større kapasitet	
Øyberg sæter	Hytter, campingvognplass, forsamlingslokale.		
Bispen camping	Campingplass og hytteutleige og båtleige	10 hytter	Reklamerer med nærleik til Breheimen i internett-profileringa
Gjeilo camping	Campingplass og hytteuleige	10 hytter	
Pollfoss	Gjestehus og hotell		
Skjåk rafting	Aktiviteter i fjellet, breturar, klatring, toppturar	Etterspørsel avgjer	Annonserer topp- og breturar. Tverrådalskyrkja, Tundredalskyrkja, Hestdalshøgda, Lomseggi, Hestbrepiggan
Dalom fjellridning	Riding ved Sota		Ikkje aktiv no
Mari Brandsarbakken	Turisme på sætra i Bråtå		
Nistuen Rudsar	Hesteskiss og		

Gard	hestetransport i jakta		
Gunnar Solum	Hestetransport i jakta		
Nigard Flækøy	Gardsturisme i Nordberg	13 senger, 3 bueiningar på gardstun	Nyttar Breheimen i internettprofileringa
Hans Heggebotten	Seterturisme		
Rasmus Forberg	Utleige av sel under villreinjakta		
Ola Moen	Utleige av sel under villreinjakta		
Kolbjørn Soglo	Jaktguiding		Breheimen Safaries

**Tabell 17 Reiselivsverksemder, Lom**

Verksemد	Type	Kapasitet	Tilknyting
Nissegarden	Hyttegrend	130 senger, 30 hytter	Lomseggje, og mot Galhøpiggen sommerskisenter
Bakkejordet	Stor utleigehytte	8 senger, 1 hytte	
Synstad camping	Camping og hytteutleige	16 senger, 8 hytter	
Fossberg hotell	Hotell	100 senger, 35 rom, 9 hytter/leiligheter	
Fossheim turisthotell	Hotell	100 senger, 50 rom, 6 hytter/leiligheter	
Nordal Turistsenter	Diverse overnatting	305 senger, 15 rom, 72 hytter/leiligheter	
Lom ski og fjellcamp	Hytteutleige	131 senger, 40 hytter/leiligheter	
Strind Gard	Gardsovernattning	32 senger, 2 rom, 7 hytter/leiligheter	
Andvord Gard	Restaurert tingstad	23 senger, 12 rom	
Røisheim Hotell og skysstasjon	Restaurert gardstun med matservering	50 senger, 24 rom	
Elveseter hotell	Hotell og restaurant	230 senger, 90 rom og 8 leiligheter 5-6000 overnatting + like mange matstopp	
Leirmoen camping	Camping og hytteutleige	32 senger, 9 hytter	
Bøverdalens Vandrehjem		32 senger, 7 rom og 10 hytter	
Bøverton Skysstasjon	Overnatting og noko meir	Er under utvikling	

Bøverkinn Sæter	Hytteutleige på tradisjonell seter	2 utelegehütter	
Høydalsæter	Tidlegare turisthytte, no utelege hytte	20 senger, 10 rom	Skriv på heimesidene sine at sætra er eit "ugangspunkt for fjellturar vidare inn i Jotunheimen og Breheimen."
Vassenden	Stor utelegehütte	25-30 senger	Ligg midt i naturen, Stillheit, ro og turar. 8 veker. Ikkje planar om utviding førebels.
Uppigard Galde	Gardsovernattning		
Nigard Galde	Overnatting		
Jotunheimen fjellstue	Overnatting og restaurant	Overnatting: 51 senger, fordelt på 26 rom (pr. 31.07.06). Restaurant: 2-120 pers. Ca. 2000 gjestedøger pr. år, og ca. 1500 restaurantgjestar per år.	Har ønskje om å ta i bruk større del av kapasiteten
Krossbu turiststasjon	Privat turisthytte	5000 i året, 91 senger, 30 rom	Ca 40% av kundane brukar Breheimen. Er med å marknadsføre Sognefjellsvegen og gjennom det få fleire turistar.
Sognefjellshytta	Privat turisthytte.	4500 i året, 80 senger	Lite på sommaren, for langt mellom hyttene, noko meir på vinteren.
Norsk fjellmuseum	Nasjonalparksenter, butikk og informasjon	6679 besökande i 2005. Turistinformasjonen som ligg i fjellmuseet hadde 27.590 besökande	Informasjonssenter og turistkontor for Jotunheimen og Breheimen
Naturopplevelingar	Breaktivitetar, grotteturar, toppturer, klatring, juving, padling, hundekøyring m.m	Omsetningen varierar; minst: 1.1 mill/år, mest 2,7 mill/år. Antal deltakarar (brukardagar totalt) er om lag 1000.	Dagleg leiar, Bjørn Åge Jenssen, opplyser at lite eller ingenting av aktiviteten går føre seg innanfor utgreiingsområdet
Norgesguidene	Turar, kurs og utdanning innan fjellsport		Anslar omsetninga på grotteföring i Dumdal til mellom 5000-10000 kr pr. år. Mesteparten av föringa er såleis i influensområdet.
Lom fiskeguiding	Fiskeguiding		Nyttar somme deler av Breheimen-Mørkris
Jotunfjell leirskole	Leriskole		Ligg ved Raubergstulen Turisthytte, og nyttar stundom utgreiingsområdet i undervisninga

Else Brandsar	Gardsutleige		
Mange Røhr	Utleige		
Jo Kolbjørn Sulheim	Overnatting gardsopplevingar		
Per Kveen	Handtverk og trearbeid		
Sigurd Stenersen	Handtverk og trearbeid		
Nordgard Aukrust	Gardsmat med gardsbutikk		

Det er fleire overnattingsverksemder i Lom sentrum, men dei orienterer seg mest mot Jotunheimen.

**Tabell 18 Reiselivsverksemder, Luster**

Verksemد	Type	Kapasitet	Tilknyting
Nørstedalsæter	DNT-hytte	42 senger, 1159 overnattingar i 2005	Sterk tilknyting. Ynskjer å auke mot 2000 overnattingar i året.
Nymo leirplass	Campingplass	96 senger, 11 hytter	Turistane bruker fjella
Bolstad camping, Skjolden	Campingplass	48 senger	
Vassbakken kro og Topp camping	Campingplass	48 senger, 13 hytter	
Skjolden hotell		100 senger, 55 rom	
Sogn Fjordhytter	Utleigehytter	16 senger, 2 hytter	Godt utgangspunkt for turar i Breheimen – Mørkrisdalen og Jotunheimen.
Fortuna kafe og pensjonat	Pensjonat	10 senger, 5 rom	
Bjørk Gard	Overnatting, gardsturisme	10 senger, 2 hytter	Opplyser at Garden ligg fint til som utgangspunkt for fjellturar i Vest- Jotunheimen og Breheimen
Bjørkehauge besök- og undervisningsgard	"Grønn omsorg" med pedagogisk opplegg til skular og barnehagar, økologisk mat og overnatting,	10-12 sengeplassar, men tilbodet er heilt i oppstartsfasen	Torkjell Sollesnes som driv Bjørkehauge opplyser at det er lite aktivitet knytt direkte til Breheimen – Mørkrisdalen, men at det kan vere aktuelt med eit opplegg i tilknyting til området dersom kundar ønskjer dette.
Turtagrø	Overnatting	110 senger, 40 rom	
Dalsøren camping	Camping og hytteutleige	48 senger, 14 hytter	

Luster fjordhytter	Hytteutleige	60 senger, 12 hytter	
Viki fjordcamping	Hytteutleige	50 senger, 14 hytter	
Nes camping	Camping		
Nes gard, bed & breakfast	Restaurert gardstun, med fleire rom og matservering	25 senger, 12 rom 2 leiligheter	Nyttar Breheimen i internett-profileringa
Jostedal hotell		46 senger, 20 rom og 1 leilighet	Noko aktivitet i tilknyting til Breheimen, men Jostedalsbreen mest sentral
Gjerde camping		36 senger, 10 hytter	
Nigardardsbreen camping		36 senger, 9 hytter	Ved sida av gardsdrift
Breheimcenteret	Infosenter		Sterk
Jostedal breførarlag	Breføring og turguiding		Litt guiding ved Nørstedalsæter
Icetroll	Kajakturar mot breen	20 kajakkar, 4 guidar	På regulerte vatn utafor aktuelt verneområde
Fimbul Jostedal	Skredkurs og liknande.+ skiturar	Etter etterspørsel	Sterk tilknyting, vinteraktivitetar
Raudskarvfjellet turridning	Hesteguiding på Fåbergstølsgrandane i Jostedalen	Tek til sesongen 2006	
Moreld	Rafting i Jostedøla		
Skjolden Rafting	Rafting i Mørkrisdalselva		
Reidar Fjøsne	Utleige av hytte, i tillegg til jakt		Ligg i Dalsdalen, tett opp til utgreiingsområdet
Hans Urdahl	Utleige av hytte i tillegg til jakt		Ligg i Dalsdalen, tett opp til utgreiingsområdet
Bjørg Hovland	Restaurert hus, tradisjonsformidling		
Simon Page	Lam og turguiding i Mørkrisdalen		
Knut Marås	Jaktguiding i Mørkrisdalen		



Huguvardtjønn. Foto: Jørn Karlsen



Utsikt frå Bolstadnosi. Foto: Tom Dybwad



DNTs rute Mårå - Grotli. Foto: Jørn Karlsen



Bru over Mørkriselva, på den T-merkte stien. Foto: Tom Dybwad